



Høgskulen på Vestlandet

Norsk 3, emne 4 - Masteroppgave

MGUNO550-0-2024-VÅR2-FLOWassign

Predefinert informasjon

Startdato: 01-05-2024 09:00 CEST
Sluttdato: 15-05-2024 14:00 CEST
Eksamensform: Masteroppgave - Bergen
Termin: 2024 VÅR2
Vurderingsform: Norsk 6-trinns skala (A-F)
Flowkode: 203 MGUNO550 1 O 2024 VÅR2
Intern sensor: (Anonymisert)

Deltaker

Kandidatnr.: 119

Informasjon fra deltaker

Antall ord *: 25021

Egenerklæring *:

Ja

**Jeg bekrefter at jeg har
registrert**

oppgavetittelen på

norsk og engelsk i

StudentWeb og vet at

denne vil stå på

vitnemålet mitt *:

Ja

Gruppe

Gruppenavn: (Anonymisert)
Gruppenummer: 14
**Andre medlemmer i
gruppen:** Deltakeren har innlevert i en enkeltmannsgruppe

Jeg godkjenner avtalen om publisering av masteroppgaven min *

Ja

Er masteroppgaven skrevet som del av et større forskningsprosjekt ved

Nei

Er masteroppgaven skrevet ved bedrift/virksomhet i næringsliv eller of

Nei



MASTEROPPGÅVE

Utvikling av bestemtheit når norsk er andrespråk

Ein longitudinell studie av bestemtheitsmarkering hos elevar på mellomtrinnet i tidleg innlæring av norsk som andrespråk

Development of definiteness in Norwegian as a second language

A longitudinal study of definiteness marking in students' early acquisition of Norwegian as a second language

Oda Laurentse Opsvik

Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett/Institutt for språk, litteratur, matematikk og tolking/Grunnskulelærarutdanning 5-10

Rettleiar: Ugnius Vizgirda Mikucionis

15.05.2024

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.

Samandrag

Denne studien tek utgangspunkt i elevtekstar skrive av mellomtrinnslevar med norsk som andrespråk. Studien er korpusdreven, og elevtekstane er henta frå korpuset knytt til prosjektet *God nok i norsk?* (2012). Føremålet med studien er å studere endring i markering av språktrekket bestemtheit over dei tre første åra av norskinnlæringa til eit utval på fem elevar. Med utgangspunkt i elevane si utvikling, drøftar studien markeringar innanfor tre fasar for bestemtheit i tidleg innlærarnorsk. Tilnærminga tek ikkje sikte på å generalisere statistiske resultat. Ei meir kvalitativ skildring av individuell utvikling er vektlagt. For å bekrefte eller avkrefte resultatet av denne studien vil ein kvantitativ studie vere hensiktsmessig, og forslag til vidare forskning blir derfor presentert avslutningsvis.

Overordna finn ein at utviklinga til elevane beveger seg over tre fasar. Desse fasane er utforma med utgangspunkt i tre hovudtrekk eg ser ved bestemtheitsmarkeringa til elevane, som dominerer i følgjande rekkefølge:

- 1) Dominans av nakne substantiv
- 2) Utprøvande bestemtheitsmarkering med stor grad av variasjon
- 3) I stor grad systematisk bestemtheitsmarkering i samsvar med norsk morfologi

Studien legg fram ei meir detaljert skildring av typiske markeringar og substantivfrasetypar ein ser i dei tre fasane. Inndelinga er overordna, og inkonsekvens og avvik førekjem i meir eller mindre grad på alle tre utviklingssteg. I tillegg finn ein at innlærarspråka viser teikn til systematikk når det gjeld kva slags referansetype som i større grad medfører markering av bestemt form i andre fase. Denne systematikken er individuell. Nokre elevar markerer i større grad bestemt form ved substantivfrasar der referenten er anaforisk definit, medan andre elevar i større grad markerer bestemt form der referenten er situasjonsbetinga definit.

Abstract

This study is based on texts written by intermediate-level students with Norwegian as a second language. The study is corpus-driven, and the student texts are drawn from the corpus *God nok i norsk?* (2012). The purpose of the study is to identify changes in definiteness marking over the first three years of Norwegian language acquisition in a sample of five students. Based on the students' development, the study discusses acquisition stages of definiteness in early L2 Norwegian. The method does not aim to generalize statistical results. To confirm or refute the findings of this master's thesis, a quantitative study would be suitable in addition to these results.

Overall, the study finds that the development of the students progresses through three stages, based on three main features of their definiteness marking. The features dominate in the following order:

- 1) Omission of definiteness marking
- 2) Trial-and-error definiteness marking with a high degree of variation
- 3) Systematic definiteness marking in accordance with Norwegian morphology

A more detailed descriptions of the marking occurring in these three stages is presented. Inconsistencies and deviations occur to some extent in all three stages of development. The students show signs of a systematic pattern regarding the reference of the noun phrases that still has deviant definiteness marking after the first stage. These patterns are individual. Some students show a greater tendency to mark deviations in noun phrases where the referent is anaphoric definite, while others show a greater tendency to mark deviations where the referent is definite because of the context or situation.

Forord

Eg vil rette ei stor takk til min rettleiar, Ugnius Vizgirda Mikucionis, som har delt sin kunnskap, stilt utfordrande spørsmål og gitt meg verdifulle tilbakemeldingar undervegs i arbeidet med masteroppgåva. I tillegg vil eg rette ei takk til mine næraste vennar og min familie, som har vist meg støtte og engasjement gjennom heile prosessen.

Gjennom dette arbeidet har eg fått moglegheit til å utvikle mine kunnskapar innanfor eit fagfelt som engasjerer meg. Eg håper at arbeidet vil bidra med relevant innsikt til feltet, og inspirere til vidare forskning.

Oda Laurentse Opsvik
Høgskulen På Vestlandet
15.05.2024

Innholdsliste

Samandrag.....	ii
Abstract.....	iii
Forord.....	iv
Innholdsliste.....	v
Liste over tabellar.....	viii

1.0 Introduksjon og bakgrunn for studien..... s. 1

1.1 Problemstilling, forskingsspørsmål og studien sin struktur.....	s. 1
---	------

2.0 Kunnskapsgrunnlag..... s. 3

2.1 Bestemtheit i norsk morfologi.....	s. 3
2.1.1 Omgrepsavklaringar.....	s. 4
2.1.1.1 Referanse.....	s. 4
2.1.1.2 Definit referanse.....	s. 5
2.1.1.3 Indefinit referanse.....	s. 7
2.1.2 Forholdet mellom referansetype og norsk bestemtheitsbøying.....	s. 8
2.1.3 Hyppigare markering av bestemt form ved anaforisk referanse?.....	s. 10
2.2 Andrespråkutvikling som forskingsfelt.....	s. 11
2.2.1 Selinker og Corder; å studere «mellomspråk» og avvik.....	s. 11
2.2.2 Kjenneteikn ved innlærarspråk.....	s. 13
2.2.2.1 Enkle.....	s. 13
2.2.2.2 Prega av variasjon.....	s. 14
2.2.2.3 Prega av tverrspråkleg påverknad.....	s. 14
2.2.2.4 Systematiske.....	s. 15
2.2.2.5 Følger faste utviklingsmønster.....	s. 15
Utvikling av substantivfrasar og bestemtheit etter Axelsson.....	s. 16
Utvikling av substantivfrasar etter Sørland.....	s. 17
Utvikling av innlærarspråk etter Berggreen mfl.....	s. 18

3.0 Metode..... s. 22

3.1 Longitudinell studie.....	s. 22
3.2 Bruk av innlærarkorpus.....	s. 23
3.2.1 Om God nok i norsk?-korpuset.....	s. 23
3.2.2 Bruk av klinisk framkalla data.....	s. 24
3.3 Korpusdrevne tilnærming til data.....	s. 25
3.4 Utval av empirisk materiale.....	s. 26
3.5 Analysearbeid.....	s. 27

4.0 Funn og analyse..... s. 29

4.1 Tim.....	s. 29
4.1.1 Første år.....	s. 29
4.1.2 Andre år.....	s. 31
4.1.3 Tredje år.....	s. 33
4.1.4 Kort om utviklinga.....	s. 34
4.2 Katarina.....	s. 34
4.2.1 Første år.....	s. 35
4.2.2 Andre år.....	s. 37
4.2.3 Tredje år.....	s. 38
4.3.3 Kort om utviklinga.....	s. 40
4.3 Ivan.....	s. 40
4.3.1 Første år.....	s. 40
4.3.2 Andre år.....	s. 42
4.3.3 Tredje år.....	s. 44
4.3.4 Kort om utviklinga.....	s. 45
4.4 Sabrina.....	s. 46
4.4.1 Første år.....	s. 46
4.4.2 Andre år.....	s. 50
4.4.3 Tredje år.....	s. 51
4.4.4 Kort om utviklinga.....	s. 52
4.5 Luka.....	s. 53
4.5.1 Første år.....	s. 53

4.5.2 Andre år.....	s. 54
4.5.3 Tredje år.....	s. 55
4.5.4 Kort om utviklinga.....	s. 56
5.0 Samanlikning og drøfting.....	s. 57
5.1 Fellestrekk og variasjonar på eit overordna plan.....	s. 57
5.2 Fellestrekk og variasjonar fase éin.....	s. 60
5.2.1 Ubestemt artikkel, talord eller formular?	s. 60
5.3 Fellestrekk og variasjonar fase to.....	s. 61
5.3.1 Substantivfrasar med demonstrativ framfor ubøygd kjerne.....	s. 62
5.3.2 Substantivfrasar med framforstilt possessiv.....	s. 63
5.3.3 Tidleg bestemtheitsutvikling samanlikna med tidleg substantivfraseutbygging...	s. 64
5.3.4 Markering av bestemt form i større grad ved anten anaforisk eller situasjonsbetinga referanse.....	s. 66
5.4 Fellestrekk og variasjonar fase tre.....	s. 67
5.4.1 Substantivfrasar med dobbel bestemtheit.....	s. 67
5.4.2 Substantivfrasar med etterstilte possessiv.....	s. 68
5.5 Oppsummering – faseskildringar for bestemtheitsutvikling.....	s. 69
6.0 Avgrensingar ved studien.....	s. 71
Litteraturliste.....	s. 74

Liste over tabellar

Tabell 1: Faseskildringar for utvikling av norsk som andrespråk etter Berggreen mfl.....	s. 19
Tabell 2: Oversikt over informantutval.....	s. 27
Tabell 3: Informantane si utvikling over tre år etter fasar for bestemtheitsutvikling.....	s. 58
Tabell 4: Tidleg bestemtheitsutvikling samanlikna med tidleg substantivfraseutvikling....	s. 64
Tabell 5: Faseskildringar for utvikling av bestemtheit (hos mi informantgruppe).....	s. 69
Tabell 6: Bestemtheitsutvikling hos informant fem (Luka).....	s. 71

1.0 Introduksjon og bakgrunn for studien

I dag vil ein i svært mange klasserom finne minoritetsspråklege elevar med norsk som andrespråk. I takt med ei aukande innvandring aukar også behovet for kompetanse knytt til andrespråkutvikling. For å legge til rette for god språkutvikling, slik at nykomne elevar på sikt får tilstrekkeleg utbytte av den ordinære undervisninga, er det ein føresetnad at læraren har kunnskap om og forståing for prosessen det å utvikle eit nytt språk inneber.

Andrespråkutvikling er derfor eit relevant kunnskapsområde for læreryrket, og i lærarutdanninga inngår kunnskap om norsk som andrespråk i fleire norskfaglege emne. Det å forske på andrespråkstileigning relaterast dermed til lærarprofesjonen.

Bakgrunnen for denne studien er ei nysgjerrigheit rundt andrespråkutvikling og språkstileigningsprosessen nykomne elevar gjennomgår. Det å lære seg eit språk veit ein at tek tid. Likevel kan det vere interessant å studere i kor stor grad det skjer ei lita eller stor utvikling i den tidlege innlæringsfasa, og om det finnast like eller ulike utviklingstrekk hos elevar som utviklar norsk som andrespråk. For å avgrense masterprosjektet valde eg å undersøke utviklinga av den morfologiske kategorien bestemtheit. Sjølv har eg praksiserfaringar med nykomne andrespråkelevar, og har gjennom desse lagt spesielt merke til bestemtheit som utfordrande hos dei nykomne elevane. Bestemtheit er eit markert språktrekk språktypologisk sett, og måten ein markerer bestemtheit på i norsk er sær eigen for dei nordiske språka. Det oppfattast derfor spesielt relevant å utvikle meir kunnskap og forståing rundt korleis andrespråkelevar tileignar seg nettopp dette språktrekket, som for mange vil vere ein ukjend grammatisk kategori når dei skal lære det norske språket.

1.1 Problemstilling, forskingsspørsmål og studien sin struktur

Føremålet med studien er å studere utviklingsaspektet ved tidleg tileigning av bestemtheitskategorien hos elevar på mellomtrinnet med norsk som andrespråk, og følgande problemstilling ligg til grunn:

Korleis utviklar markeringa av bestemtheit seg hos eit utval mellomtrinnslevar med norsk som andrespråk i løpet av dei tre første åra deira i Noreg?

For å nærme meg eit svar på dette har eg utført ein longitudinell studie, med utgangspunkt i elevtekstar skrive av fem mellomtrinnslevar, produsert på tre ulike tidspunkt i innlæringa. Eg

legg til grunn fire forskingsspørsmål for studien min. For det første ønsker eg å skildre korleis elevane individuelt markerer bestemtheit over tid. Mine to første forskingsspørsmål er derfor følgande:

- 1) Korleis markerer elevane bestemtheit første, andre og tredje år i Noreg?
- 2) Korleis utviklar markeringa av bestemtheit seg individuelt hos kvar enkelt elev?

I tillegg til å skildre individuell utvikling, ønsker eg å samanlikne utviklingsløpa til dei fem informantane, gjennom å seie noko om fellestrekk og variasjonar ved måten bestemtheit som språktrekk utviklar seg innanfor denne informantgruppa. Longitudinelle studiar er ideelle for å undersøke individuell utvikling, men opnar også for å drøfte individuelle variasjonar innanfor ei gruppe, samt framgangen gruppa viser som heilskap (Meunier, 2021, s. 30). Dei to siste forskingsspørsmåla mine er derfor følgande:

- 3) Kva slags fellestrekk førekjem ved utviklingsløpa til elevane seg imellom?
- 4) Kva slags variasjonar førekjem ved utviklingsløpa til elevane seg imellom?

Grammatiske omgrep som omhandlar og forklarar den norske bestemtheitskategorien vil bli gjort greie for i *kapittel 2; kunnskapsgrunnlag*. Studien kan plasserast innanfor andrespråklæring som forskingsfelt, derfor inkluderer kunnskapsgrunnlaget også ein kort presentasjon av forskingsfeltet med fokus på studering av innlærarspråk, samt tidlegare forskning knytt til utvikling og bestemtheit. Metodiske val blir presentert og grunnlagt i *kapittel 3; metode*.

Kapittel 4; funn og analyse, presenterer bestemtheitsmarkeringa til kvar enkelt elev år for år, og bygger dermed på forskingsspørsmål éin og to. I *kapittel 5; samanlikning og drøfting*, blir relevante funn samanlikna og drøfta på tvers av informantane, som svar på forskingsspørsmål tre og fire. Drøftingskapittelet har ikkje som formål å generalisere utviklingstrekk, men drøftar relevante fellestrekk og skilnadar frå funn- og analysekapittelet, slik at eg kan legge fram ei samla skildring av utviklinga til mine informantar, som svar på mi problemstilling. Avslutningsvis har eg inkludert eit *kapittel 6; avgrensingar ved studien*, der forslag til vidare forskning blir lagt fram.

2.0 Kunnskapsgrunnlag

Dette kapittelet presenterer eit kunnskapsgrunnlag i to delar. Den første delen introduserer norsk bestemtheitsmarkering, med vekt på korleis denne markeringa heng saman med referansen til substantivfrasen. Formålet med denne gjennomgangen er å avklare relevante, grammatiske omgrep, som er gjeldande for resten av masteroppgåva. Den andre delen av kunnskapsgrunnlaget presenterer ei avgrensa innsikt i andrespråksutvikling som forskingsfelt, med fokus på kjenneteikn ved innlærarspråk. I samband med dette blir eit utval skandinavisk forskning knytt til bestemtheit og utvikling presentert.

2.1 Bestemtheit i norsk morfologi

I den norske morfologien er bestemtheit ein bøyingskategori ved substantivet, og ein skil mellom å markere substantiv i bestemt og ubestemt form. Bøyning i bestemt form inneber at substantivet knyt til seg eit bestemtheitssuffiks (Faarlund mfl., 1997, s. 173). Til dømes indikerer bestemtheitssuffikset <-en> at substantivet <katten> er bestemt. Forma <ein katt> er derimot ubestemt, og ubestemte former innleiest ofte med bestemmaren <ein> framfor substantivet (Faarlund mfl., 1997, s. 292). Eg vel å omtale bestemmaren <ein> som ein ubestemt artikkel, i tråd med Kinn & Kulbrandstad (2023, s. 181), for å skilje bestemmarelementet frå talordet <éin>. I resten av oppgåva omtalar eg bestemt form som markering med bestemtheitssuffiks på substantivet, og ubestemt form som markering med ubestemt artikkel framfor substantivet.

Bestemtheit har først og fremst ein kommunikativ funksjon (Kinn & Kulbrandstad, 2023, s. 167). Det vil seie at bestemt og ubestemt form ikkje nødvendigvis refererer til to ulike fenomen, men at forma ein nyttar har samanheng med kva ein antek at mottakar kan identifisere. Med andre ord indikerer distinksjonen mellom bestemt og ubestemt eit skilje mellom informasjon som er kjent og ukjent for mottakaren (Berggreen mfl., 2012, s. 78). Det å forstå logikken i dette skiljet kan vere utfordrande for ein norskinnlærer, spesielt dersom innlæraren ikkje kjenner til den kommunikative funksjonen ved bestemtheitskategorien frå førstespråket sitt. I tillegg kan det vere utfordrande å forklare skiljet mellom bestemt og ubestemt form for nordmenn med implisitt språkkunnskap (Mac Donald, 2014, s. 13). Eksplisitt kunnskap om bestemtheitskategorien er derfor relevant for lærarar og forskarar i arbeid med tilrettelegging for og undersøking av tileigning av norsk som andrespråk, og vil dermed bli vidare utdjupa.

2.1.1 Omgrepsavklaringar

I det følgande blir omgrepa *referanse*, *definitt referanse* og *indefinitt referanse* avklart. Desse omgrepa er relevante for å forstå kva som ligg til grunn for om eit substantiv kan eller må markerast i bestemt eller ubestemt form i den norske morfologien.

2.1.1.1 Referanse

At ein substantivfrase *refererer* til noko, vil seie at den viser til ein gjenstand, ein person eller eit fenomen. Det, den eller dei substantivfrasene referer til kallar ein *referentar*. Nokre gongar er referenten ein spesifikk individuell referent, eller eit spesifikt sett referentar, og andre gongar er referenten generell.

Kattar er søte

Ein katt er eit pattedyr

I døma over er referenten generell. Det er ikkje snakk om éin spesifikk katt eller nokre spesifikke kattar, og vi kallar denne typen referanse *generisk* (Hagen, 2000, s. 59; Kinn & Kulbrandstad, 2023, s. 168). I dei to døma under er det derimot tydeleg at det er snakk om ein spesifikk, individuell katt.

Eg møtte **ein katt**

Katten hoppa

Begge desse substantivfrasene har altså det ein kallar *individuell referanse* (Hagen, 2000, s. 51). Likevel ser ein at substantiva i dei to døma over blir markerte på to ulike måtar; det første dømet i ubestemt form og det andre i bestemt form. Hadde norsk vore eitt av dei språka som ikkje opererte med bestemtheit, ville ein ikkje skilt mellom bestemt og ubestemt form, og sagt *<eg møtte katt>* og *<katt hoppa>*. På norsk er det derimot relevant om substantivfrasen har definitt eller indefinitt referanse, altså om det er mogleg å identifisere substantivfrasen sin referent eller ikkje. Dersom det er mogleg å identifisere referenten eintydig har substantivfrasen definitt referanse, og hovudregelen er at kjernen i substantivfrasa då får bestemt form (Hagen, 2000, s. 52). Avvik frå denne hovudregelen vil bli gjort greie for i delkapittel 2.1.1.4.

2.1.1.2 Definit referanse

Hagen (2000, s. 52) legg fram to kriterium som må vere til stades for å konkludere med at ei substantivfrase har definit referanse. For det første må substantivfrasa vise til ein spesifikk individuell referent eller sett referentar, altså må den ha *individuell referanse* og ikkje *generisk*. I tillegg til dette må det eksistere eit grunnlag for at mottakaren vil kunne forstå kva eller kven referenten er. Med andre ord må referenten kunne bli eintydig identifisert utifrå konteksten (Vinje, 2018, s. 134). Det å vurdere om referenten i substantivfrasen kan identifiserast eller ikkje, er opp til språkbrukaren sjølv, og dette er noko av det som gjer bestemtheit spesielt utfordrande for norskinnlærarar. Ein kan likevel vise eksplisitt til tre forhold som er med på å bestemme om det er grunnlag for å tenke at mottakaren kjenner referenten, og at referenten dermed er identifiserbar.

Anaforisk referanse

For det første er referenten identifiserbar dersom den har blitt introdusert tidlegare i teksten (Kinn & Kulbrandstad, 2023, s. 167).

Eg ser **ei jente**. **Jenta** har langt hår.

Den andre gongen substantivet <jente> blir presentert er det grunnlag for å identifisere kven det refererast til, i og med at den spesifikke jenta har blitt presentert tidlegare. Grunnlaget for å tenke at mottakaren kjenner til referenten er altså her at det som det refererast til allereie har blitt presentert i form av ei tidlegare substantivfrase. Denne typen referanse kallast *anaforisk referanse* (Hagen, 2000, s. 53; Kinn & Kulbrandstad, 2023, s. 172). I dømet over er det same ordet kjernen i begge substantivfrasene, men anaforisk referanse kan også opptre med ulike ord som kjerne (Faarlund mfl., 1997, s. 283):

Eg ser **ei jente**. Ho har striper i **håret**.

Sjølv om håret til jenta ikkje har blitt presentert indefinit tidlegare, har likevel <ei jente> blitt presentert gjennom ein tidlegare substantivfrase. Sidan desse to substantivfrasane har ein semantisk relasjon gir også dette grunnlag for anaforisk bestemtheit, og substantivet <hår> får dermed bestemt form.

Absolutt unik referanse

At referenten har blitt presentert tidlegare er ikkje det einaste som kan gi ein substantivfrase definitt referanse. Det andre grunnlaget for at referenten er definitt, er dersom den er forutsatt kjent (Kinn & Kulbrandstad, 2023, s. 167). *Absolutt unike referansar* referer til noko det i heile verda berre finnast éin av, som til dømes <*sola*> eller <*den norske kongen*> (Hagen, 2000, s. 52). Fordi referenten slik kan identifiserast eintydig har slike substantivfrasar definitt referanse.

Situasjonsbetinga definitt referanse

Eit tredje grunnlag for definitt referanse er dersom ein kan identifisere referenten utifrå samanhengen den er ein del av (Kinn & Kulbrandstad, 2023, s. 167). Denne typen definitt referanse omtalar Hagen (2000, s. 53) som *situasjonsbetinga definitt referanse*. Eit døme på dette kan vere dersom ein familie snakkar om <*kjøkkenet*>. Det er som regel berre eitt kjøkken i ein heim, og det er inneforstått at alle i familien veit kva kjøkken det er snakk om. Referenten kan med andre ord identifiserast eintydig utifrå den situasjonen ordet blir brukt i, eller frå den felles kunnskapen avsendar og mottakar har om verda (Faarlund mfl., 1997, s. 285). Dersom det innanfor ein viss situasjon, kontekst eller eit bestemt fellesskap er grunnlag for å forstå kven eller kva referenten er, får altså substantivfrasen definitt referanse, og kjernen i substantivfrasen får dermed bestemt form:

Far tek **bilen** til **jobben**

Du bør spørje **sjefen**

Eg les **lokalavisa** kvar dag

Det finnast ikkje berre éin bil, éin jobb eller éi lokalavis i verda, men i kommunikasjongsaugeblikket er det eintydig for både avsendar og mottakar kva bil, jobb og lokalavis det er snakk om (Hagen, 2000, s. 54; Vinje, 2018, s. 216).

Både anaforisk, absolutt unik og situasjonsbetinga referanse gjer altså ein substantivfrase definitt. I og med at substantivfrasar med absolutt unike referentar ikkje førekom i mitt empiriske materiale i stor grad, har eg valt å konsentrere meg om anaforisk og situasjonsbetinga definitt referanse i denne masteroppgåva. Til tross for at eg i hovudsak viser

til anaforisk og situasjonsbetinga referanse, er det viktig å understreke at også absolutt unike referentar gir definitt referanse.

Dobbel bestemtheit

Ein kan også eintydig identifisere referenten dersom det blir brukt determinative adledd til å peike ut noko bestemt (Faarlund mfl., 1997, s. 285).

Denne boka er god

Den songen var fin

Determinativa over opptrer som bestemmeelement, og gjer referenten identifiserbar. Derfor får desse frasane definitt referanse, og den defintte referansen gjer at også kjernen i substantivfrasen får bestemt form. Det at både demonstrativet er bestemt, òg den bestemte forma på kjernen indikerer at det refererast til noko definitt, blir kalla *dobbel bestemtheit*.

Det røde **hus** / Det røde **huset**

Denne **dag** / Denne **dagen**

Dersom kjernen derimot ikkje får bestemt form, blir det kalla *enkel bestemtheit* (Kinn & Kulbrandstad, 2023, s. 181). Det er ikkje grammatisk ukorrekt å nytte enkel bestemtheit, men ein bruker trekket mindre i moderne norsk. Først og fremst blir enkel bestemtheit brukt i visse uttrykk, eller ved ein meir formell og høgtideleg stil (Kinn & Kulbrandstad, 2023, s. 181-182).

2.1.1.3 Indefinitt referanse

Refererer substantivfrasen til ein spesifikk individuell referent eller sett referentar utan at krava for definitt referanse er til stades, har frasen derimot *indefinitt referanse* (Hagen, 2000, s. 57). I døma under visast det til noko spesifikt, men mottakaren har likevel ikkje moglegheit til å kjenne til referenten:

Det er **ein katt** ute

Det er **nokre kattar** ute

Indefinit referanse medfører ubestemt form. Det er derfor ein forklarar at nye referentar i ein tekst normalt markerast i ubestemt form første gang dei blir nemnde (Rønning mfl., 2014, s. 159). Substantivfrasar som er indefinitte vert innleia av visse bestemmarar, og desse er som regel kvantorane <ein> og <nokre> (Faarlund mfl., 1997, s. 292). Dersom substantivet er ikkje-telleleg vert det innleia av bestemmaren <noko>, og dersom det refererast til sjølve arten eller sjølve stoffet brukar ein ikkje bestemmarar i det heile (Faarlund mfl., 1997, s. 292). Dette ser ein til dømes igjen når det er snakk om mat:

Har vi **noko potetgull**?

Eg fekk lyst på **potetgull**

2.1.1.4 Forholdet mellom referansetype og norsk bestemtheitsbøying

Om substantivfrasen har indefinit referanse skal kjernen i substantivfrasen stå i ubestemt form, og om substantivfrasen har definit referanse er hovudregelen at kjernen i substantivfrasen skal stå i bestemt form. Hagen (2000, s. 52) presiserer at generisk referanse eksponerast *både* av bestemt og ubestemt form, indefinit referanse eksponerast *alltid* av ubestemt form, medan definit referanse *som oftast* eksponerast av bestemt form.

Det er derfor relevant å kjenne til tilfella der definit referanse utløyser bestemt form, og tilfella der definit referanse ikkje gjer det. Bestemt form gjeld når det definite substantivet står aleine, som i <katten>, framfor genitiv, som i <katten til Lisa>, og framfor etterstilte possessiv, som i <katten hennar> (Hagen, 2000, s. 55-57). Når substantivfrasen blir innleia med demonstrativ får kjernen *ofte* bestemt form, <den katten>, men dette forholdet er ikkje absolutt. Dette fordi det også er mogleg å markere enkel bestemtheit, til dømes <den norske bank>. Med enkel bestemtheit er frasen definit, utan at bestemt form blir markert, og dette er eit tydleg døme på at definit referanse ikkje alltid eksponerer bestemt form på kjernen.

Framforstilte possessiv

Eit anna døme på at definit referanse ikkje eksponerer bestemt form, er når substantivfrasen har eit framforstilt possessiv. I slike tilfelle får ikkje kjernen bestemt form, til tross for at referenten kan identifiserast eintydig og substantivfrasen har definit referanse:

Lisa sin **katt**

Min song

Det visast her til noko definitt på grunn av tilhøyrgheita som possessiva <sin> og <min> uttrykker (Faarlund mfl. , 1997, s. 289). Døma er semantisk likeverdige med frasane <den katten som tilhøyrrer Lisa> og <den songen som tilhøyrrer meg>. Derfor er dei defintte, sjølv om dei markerast ubestemt. Dette kan opplevast som ulogisk for innlærarar som skal lære norsk som andrespråk (Hagen, 2000, s. 57).

Nakne substantiv

Sjølv om bestemtheit er eitt av kjenneteikna på substantiv som ordklasse, finnast det likevel ein god del tilfelle i norsk der substantiv står aleine, utan bestemmarar i form av verken ubestemt artikkel eller bestemtheitssuffiks (Vannebo, 2010, s. 229). Desse blir kalla *nakne substantiv*.

Ho køyrer **bil** til jobben

Eg spelar **gitar**

Substantiva i døma over er tellelege, men får likevel verken bestemt eller ubestemt form. Nakne substantiv er spesielt vanleg etter verb som «få», «ha», «skaffe seg» (Faarlund mfl. , 1997, s. 293):

Han fekk **sykkel** til jul

Dei har **peis** i kjellaren

Ho skaffa seg **jobb**

For innlærarar som skal lære seg norsk som andrespråk kan det vere vanskeleg å vite når nakne substantiv kan takast i bruk. Vannebo (2010, s. 236) legg fram at det i tilfelle der nakne substantivfraser opptre kan vere vanskeleg å avgjere om det refererast til noko definitt eller indefinit, særleg når frasane inngår i faste ord og uttrykk. Han er inne på at denne språkbruken kan minne om generisk referanse, i og med at det også ved nakne substantiv refererast til noko allmenngyldig og generelt.

2.2 Hyppigare markering av bestemt form ved anaforisk referanse?

Nordanger (2009) har utført ein deskriptiv korpusbasert tverrsnittstudie, der ho undersøkte tileigning av bestemt form ved definit referanse hos russiskspråklege og engelskspråklege innlærarar. Avhandlinga inngjekk som del av ASKeladden-prosjektet, og hadde fokus på transfer. Noko som kan vere interessant å trekke ut frå denne studien, er Nordanger (2009) sine funn når det gjeld markering av definte substantivfrasar, og kva slags referansetype ved substantivfrasene som hyppigare førte med seg markering i bestemt form.

I mi avhandling opererer eg med kategoriane anaforisk referanse og situasjonsbetinga definit referanse. Nordanger (2009) opererte med kategoriane *koreferent* og *unikheit i diskursuniverset*. Termen koreferent er eit underomgrep av anaforisk referanse, og skil seg frå anaforisk referanse ved at det krevst eit absolutt forhold mellom referent og antecedent, altså ei kopling mellom den definte referenten og referenten det visast tilbake på (Nordanger, 2010, s. 193). Med andre ord inkluderast ikkje semantisk relasjon som eit grunnlag for koreferent kopling, slik Faarlund mfl. (1997, s. 283-284) legg fram i si skildring av anaforisk referanse (jf. delkapittel 2.1.2). I og med at eg i denne studien nyttar kategorien anaforisk referanse, vel eg å omtale Nordanger (2009) sin koreferente kategori som ein anaforisk kategori. Gjennom kategorien unikheit i diskursuniverset viser Nordanger først og fremst til Hagen (2000) sin kategori situasjonsbetinga definit referanse. Ein kan merke seg at ho også inkluderer absolutt unike referentar under unikheit i diskursuniverset, men presiserer at absolutt unike referentar førekom sjeldan i hennar materiale, og dermed ikkje utgjer kategorien i stor grad (Nordanger, 2009, s. 66-67). Eg vel derfor å omtale unikheit i diskursuniverset som ein situasjonsbetinga definit kategori. Nordanger fann følgande om den definte markeringa til sine informantar:

Analysen viste også på gruppeprofilnivå at *koreferente* forhold i tekst ble markert hyppigere av begge grupper enn definit referanse motivert ut fra *unikhet i diskursuniverset*, og dermed kunne antas å være lettere å tilegne seg i forhold til markering av definit referanse, enn såkalt definit referanse ut fra *unikhet i diskursuniverset* (Nordanger, 2010, s. 195).

Funna til Nordanger (2009) viser ei hyppigare markering av koreferente forhold, og ho legg fram ei antaking om at bestemt form ved denne typen anaforisk referanse er enklare å tileigne seg enn bestemt form ved unikheit i diskursuniverset. Overfører ein dette til omgrepa som blir

nytta i denne studien, viser Nordanger sine funn at bestemt form ved anaforisk referanse kan antakast enklare å tileigne seg enn bestemt form ved situasjonsbetinga definitt referanse. I og med at Nordanger utførte ein tverrsnittstudie, og såg på definittmarkering på eitt bestemt tidspunkt i innlæringa, seier ikkje funna noko om utvikling og læringsrekkefølge knytt til bestemtheitsmarkering ved anaforiske og situasjonsbetinga frasar. Funna viser at markering av bestemt form på anaforisk grunnlag førekom hyppigare, og det vert derfor antekte at slik tileigning er enklare. Markeringa har ikkje blitt undersøkt over tid, og ein kan derfor ikkje seie noko om når i læringsrekkefølga dei to ulike forholda byrjar å påverke bestemtheitsmarkeringa. Ein bør også merke seg at resultatata utelukkande gjaldt for innlærarar med russisk og engelsk som førstespråk, og derfor ikkje kan overførast til bestemtheitsmarkering i tidleg innlærarnorsk hos alle innlærarar.

2.2 Andrespråksutvikling som forskingsfelt

Andrespråksutvikling som forskingsfelt, internasjonalt omtalt som *Second Language Acquisition (SLA)*, er eit relativt nytt fagfelt som undersøker den menneskelege evna til å lære seg nye språk i etterkant av førstespråkstileigninga (Behney & Marsden, 2020, s. 37). Frå dei første studiane blei publisert på slutten av 1960-tallet, og fram til i dag, finn ein ei stor mengde internasjonal forskning som omhandlar korleis innlæring av andrespråk går føre seg. Ortega (2013, s. 10) presenterer forskingsfeltet som eit felt som først og fremst er retta mot å forstå kreftene som påverkar tileigna av eit andrespråk, samt kor raskt, kor godt, og korleis eit andrespråk vert utvikla hos ulike innlærarar i ulike læringssituasjonar. I det følgande vil eg avgrense meg til korleis forskingsfeltet kjenneteiknar innlærarspråk.

2.2.1 Selinker og Corder; å studere «mellomspråk» og avvik

Termen *interlanguage*, på norsk omsett med omgrepet *mellomspråk*, har ein sentral status i fagfeltet. Konseptet mellomspråk blei introdusert i 1972 gjennom ein artikkel skriva av den amerikanske lingvisten Larry Selinker. Artikkelen forklarar blant anna at innlærarar utviklar ein midlertidig språkleg struktur medan dei lærer eit nytt språk (Selinker, 1972). Hovudessensen i Selinker (1972) sin teori er at denne midlertidig strukturen, altså mellomspråket, ikkje berre er ei blanding av morsmålet og målspråket til innlæraren, men heller eit eige system, med eigne reglar og mønster. Nistov og Nordanger (2018, s. 263) presiserer at det som ligg til grunn for ideen om mellomspråk er eit kognitivistisk syn på

språklæring, altså at ein ser på språklæring som noko som først og fremst skjer ved at innlæraren sjølv konstruerer sitt eige språksystem med utgangspunkt i mentale læringsmekanismer. Før Selinker (1972) og introduksjonen av mellomspråk, regjerte eit behavioristisk språklæringssyn, der språket som innlæraren produserte først og fremst blei sett på som ein mislukka versjon av målspråket. Med andre ord var det grammatikken i morsmålet og grammatikken i målspråket som opptredde som målestokkar for språklæringa (Nistov og Nordanger, 2018, s. 263). Det å derimot rette fokuset mot grammatikken i det uavhengige språket som innlæraren produserer, og å sjå på språklæring som ein kognitiv prosess der innlæraren sjølv utviklar sitt eige språksystem, førte til eit skifte i synet på andrespråkslæring, og interessa for det å utforske innlærarar sine språk som interessante studieobjekt i seg sjølve vaks fram. Introduksjonen av omgrepet, og fokuset på å studere mellomspråk som ein uavhengig grammatikk, har fått stor betydning for framveksten og utviklinga av andrespråkslæring som forskingsfelt.

Eit anna sentralt bidrag til andrespråkslæring som forskingsfelt er Corder (1967). Gjennom det som blir omtala som *error analysis* introduserte han ei oppfatning av avvik som ei viktig innsikt og kjelde til å forstå språkutviklingsprosessen, heller enn eit mislukka forsøk på korrekt språkbruk. Både Corder (1967) og Selinker (1972) la vekt på ei oppfatning av at innlæraren dannar indre reglar for språkbruken. Avvik blir dermed ei viktig kjelde for å forstå innlæraren sin indre systematikk. I dag er dette synet på avvik grunnleggande innanfor andrespråksforskinga, og ein operer med ei haldning til avvik som ein nødvendig del av språklæringa (Gujord, 2023, s. 45). Endringar i språket som medfører avvik, kan til dømes signalisere at eleven har oppdaga nye trekk ved språket, og testar ut sine nye oppdagingar. Noko ein kan trekke ut frå Corder si forskning, er ei bevisstgjerung på at det finnast to ulike typar avvik (Corder, 1981, s. 10). Systematiske avvik (errors) er frekvente avvik, som kan gi oss innsikt i språkkunnskapane innlæraren har på eit bestemt tidspunkt i innlæringa. Ikkje-systematiske avvik (mistakes) er tilfeldige feil eller glipp, og gir oss derfor ikkje innsikt i språkkunnskapane til innlæraren. Det er dei systematiske avvika ein vil undersøke, derfor er det avgjerande å forsøke skilje mellom desse to avvikstypane når ein ønsker å avdekke systematikken til ein innlærar.

I nyare tid har ein gått vekk frå å nytte omgrepet mellomspråk når ein snakkar om språket til innlærarar, og termen *innlærarspråk* er meir utbreitt (Gujord, 2023, s. 45). Omgrepet mellomspråk indikerer eit midlertidig steg mot å oppnå morsmålslik språkkompetanse, noko som har blitt kritisert, fordi det implisitt blir forventat at morsmålslik språkkompetanse er noko

alle innlærarar på eit tidspunkt vil oppnå. Morsmålslik språkkompetanse vil rett og slett vere eit usannsynleg mål for mange (Monsen & Randen, 2022, s. 78). Til dømes snakkar mange menneske i dag norsk med varietetar som skil seg frå det ein ser på som morsmålslik språkkompetanse, utan at dette betyr at desse menneska er på eit midlertidig steg i norskutviklinga (Berggreen & Tenfjord, 2016, s. 178). Så lenge språket er funksjonelt, treng ikkje fullstendig morsmålslik kompetanse nødvendigvis vere målet med språklæringa. Eg nyttar derfor heller omgrepet *innlærarspråk* om språket til innlærar i resten av oppgåva.

2.2.2 Karakteristiske trekk ved innlærarspråk

Det er ein konsensus i forskingsfeltet om at det finst visse trekk ein kan rekne som typiske kjenneteikn på innlærarspråk (Berggren og Tenfjord, 1999, s. 29). Til tross for at ulike teoriar og hovudretningar innanfor fagfeltet vektlegg ulike tilnærmingar til og oppfatningar av andrespråkstileigninga, er fagfolk i stor grad einige om at innlærarspråk har visse fellestrekk. Eg vil presentere fem kjenneteikn på innlærarspråk, og vektlegg å kople tidlegare relevant forskning på bestemtheit og utvikling til det siste kjenneteiknet; innlærarspråk følger faste utviklingsmønster.

2.2.2.1 Enkle

For det første er innlærarspråk tidleg i utviklinga enkle, og strukturane kan likne forenkla utgåver av strukturane i målspråket (Berggreen & Tenfjord, 1999, s. 34). Med andre ord har dei ein enklare grammatikk og eit enklare vokabular enn både første- og andrespråket. På det morfologiske nivået finn ein forenklingar til dømes ved at orda har mindre bøyning (Gujord, 2023, s. 49). Utelatande markering er eit typisk avvik i innlærarspråk (Ellis, 1994, s. 19). Ein kan dermed forvente førekomstar av nakne substantiv utan bestemtheitsbøyning som ei morfologisk forenkling i tidleg innlærarnorsk.

Tidleg i utviklinga vil det likevel kunne dukke opp meir komplekse ytringar i kontrast til den enkle grammatikken innlæraren elles uttrykker. Denne typen ytringar blir kalla *formularar*. Formularar ber preg av ein grammatikk som ville blitt plassert i ei seinare fase i utviklinga enn det innlæraren elles gir uttrykk for å vere på (Gujord, 2023, s. 60). Til dømes vil ein innlærar kunne skrive *<det var en gang>* tidleg i utviklinga, utan å nødvendigvis vere klar over kva desse orda betyr eller kvifor dei står etter kvarandre i denne rekkefølga. Innlæraren har med andre ord memorert formularen som heilskap, utan at den nødvendigvis er forstått

(Berggreen & Tenfjord, 1999, s. 33). Det er gjerne uttrykk innlærarane har høyrte ofte dei memorerer, til dømes uttrykk som er frekvente i samhandlingssituasjonar (Berggreen mfl. 2012, s. 26).

2.2.2.2 Prega av variasjon

I tillegg er det einigheit om at innlærarspråk er prega av variasjon (Gujord, 2023).

Innlærarspråk er individuelle, og dermed variable på tvers av ulike innlærarar. I tillegg førekjem variasjon innanfor eit og same innlærarspråk (Kulbrandstad & Ryen, 2018, s. 34). Både korrekt markering og avvik vil med andre ord førekomme i ein og same tekst, altså varierer det om innlæraren ser ut til å meistre eit språktrekk. Det er typisk at eit språktrekk somme stadar blir markert korrekt, og andre stadar ikkje. Ein kan også forklare dette som at variasjon kjem til uttrykk ved at innlæraren nyttar ulike markeringar for å uttrykke den same funksjonen (Gablasova, 2020, s. 358). Dermed kan ein forvente at innlærarspråk er prega av ein inkonsekvens i den tidlege bestemtheitsmarkeringa, med ulike og varierende markeringar som forsøk på å uttrykke bestemtheit. Sosiale og psykologiske faktorar kan vere årsaksforklaringar til variasjon i innlærarspråk, men mykje tyder på at variasjon er ein del av språktileigningsprosessen i seg sjølv (Ellis, 2008; Gablasova, 2020, s. 359). Det å tileigne seg språklege mønster skjer gradvis, og det er derfor naturleg at innlæraren arbeider med fleire sider av språket samtidig, og at kunnskapen om andrespråket ikkje er automatisert på eit tidleg tidspunkt i innlæringa, noko som resulterer i varierende markering. Gujord (2023, s. 64) omtalar variasjon som ei viktig kjelde til innsikt, fordi variasjon kan fortelje noko om kva slags trekk innlærarar held på å få på plass.

2.2.2.3 Prega av tverrspråkleg påverknad

I forskingsfeltet er det også ein konsensus om at innlæraren sin allereie eksisterande språklege kompetanse påverkar innlæringa av nye språk (Berggreen & Tenfjord, 1999; Ellis, 1994; Gujord; 2023). Andrespråkstileigninga er altså prega av tverrspråkleg påverknad, som vil seie at innlæraren overfører element eller trekk frå morsmålet til innlæringa av andrespråket. Ein skil mellom positiv og negativ transfer (Ellis, 1994, s. 51). Negativ transfer viser til tilfelle der den tverrspråklege påverkinga fører til at innlæraren produserer avvik i andrespråket. Positiv transfer viser derimot til tilfelle der eit trekk eller element kan brukast på same måte i andrespråket som i språk innlæraren kan frå før. Berggreen & Tenfjord (1999, s. 212) legg fram at ulike førstespråk kan gi ulike utgangspunkt for andrespråklæring, og utdjupar at

førstespråket kan påvirke både læringstempo, avvik og i nokre tilfelle også læringsløypene. Johansen (2010, s. 166-171) finn at innlærarar som ikkje kjenner til bestemtheit frå morsmålet markerer færre substantiv i bestemt form enn innlærarar som har kjennskap til kategorien frå morsmålet. Det er altså tydeleg at transfer påverkar tileigninga av bestemtheit. Samtidig er det relevant å trekke fram at noko av det som låg til grunn for framveksten av fagfeltet var at ein fann at ikkje alle avvik som innlærar produserer er predikert av førstespråket, og at ein ser liknande trekk og avvik hos mange innlærarar til tross for at innlærarar har ulike førstespråk (Behney & Marsden, 2020, s. 38). Sjølv om tverrspråkleg påverknad er svært relevant å studere, er det også relevant å undersøke om innlærarar har liknande avvik og utviklingstrekk uavhengig av førstespråket deira. Problemstillinga mi vektlegg ikkje tverrspråkleg påverknad, til tross for betydninga tverrspråkleg påverknad kan ha for tileigning av eit andrespråk. Berggreen, Sørland og Alver (2012, s. 27) understrekar at det er vanskeleg å seie sikkert om avvik er predikert av tverrspråkleg påverknad eller om dei skyldast ordinær utforsking av språket. Fordi ein ikkje kan vite årsakene til avvika sikkert, er det vel så relevant å studere innlærarspråk utan eksplisitt fokus på transfer, men likevel vere bevisst på transfer som ei mogleg årsaksforklaring til avvika som førekjem.

2.2.2.4 Systematiske

Innlærarspråk er også kjenneteikna av at dei er systematiske, altså har innlæraren ein eigen indre systematikk som han eller ho legg til grunn for dei grammatiske vala som blir tatt (Gujord, 2023, s. 66). Å sjå på innlærarspråk som systematiske er hovudessensen i skiftet frå eit behavioristisk språklæringssyn til fokuset på sjølve grammatikken i innlærarspråket. Sjølv om innlærarspråk ikkje er systematiske på lik linje med andrespråket, inneheld dei likevel ein systematikk (Monsen & Randen, 2022, s. 71). Formålet med å gjere systematiske studiar av innlærarspråket til ulike innlærarar vil vere å skape eit bilete av kva slags systematikk som gjeld for den enkelte innlæraren på det gitte tidspunktet i utviklinga.

2.2.2.5 Faste utviklingsmønster

I tillegg til at innlærarspråk både er individuelle og bygger på ein indre systematikk, er det også kjent at andrespråkstileigning følger faste utviklingsmønster (Berggreen & Tenfjord, 1999, s. 40). Både Corder (1967) og Selinker (1972) påpeikte tidleg at grammatikken i innlærarspråk utviklar seg gradvis. I same periode finn ein fleire studiar som undersøker språkutviklinga til barn, eit døme er Brown (1973), som undersøkte tileigning av førstespråk.

Han fann blant anna at ulike barn gjennomgjekk dei same stadia under tileigning av førstespråket, og at liknande avvik førekom på tvers av informantane (Kulbrandstad & Ryan, 2018, s. 34). Dette inspirerte andre forskarar til å utføre liknande forskning på andrespråkstileigning, noko som resulterte i ei innsikt om at også andrespråkstileigninga ser ut til å følge bestemte utviklingsmønster. Å undersøke læringsløyper er derfor utbreitt i andrespråkforskinga, og fleire studiar tek sikte på å identifisere utviklingstrinn (Kulbrandstad & Ryan, 2018, s. 34).

Noko som ein likevel bør vere oppmerksom på er at innlærarspråk ikkje nødvendigvis utviklar seg lineært, sjølv om dei følger faste utviklingstrinn. De Bot og Larsen-Freeman (2011, s. 12, henta frå Gujord, 2023, s. 285) legg fram ei oppmerksomgjering på at studiar innan forskingsfeltet ofte legg fram ei oppfatning i teorigrunnlaget om at innlærarspråk utviklar seg lineært. Det at ein innlærer byrjar med mange avvik og gradvis ender opp med å markere alt korrekt er ei forenkla framstilling. Etter kvart som språket blir utvikla og innlæraren får nye oppdagingar, føreteik innlæraren justeringar og restruktureringar av det han eller ho allereie har lært, noko som ofte resulterer i nye avvik (Gujord, 2023, s. 129).

Utvikling av substantivfrasar og bestemtheit etter Axelsson

Ein finn ikkje omfattande studiar som eksplisitt legg fram utviklingstrinn for bestemtheitsutvikling i norske innlærarspråk. Likevel kan ein trekke fram Axelsson (1994), som har utført ein kombinert tversnitt- og longitudinell studie av substantivfraseutvikling og utvikling av bestemtheitsmarkering i svenske innlærarspråk. Til grunn for studien legg ho ulike typar substantivfrasar (Axelsson, 1994, s. 31), og undersøker i kva rekkefølge desse blir tileigna. Ho finn tre tileigningsstadium for substantivfrasar og bestemtheit (Axelsson, 1994, s. 99). Oversikta under er utforma med utgangspunkt i desse tre tileigningsstadia, illustrert med Axelsson sine egne døme på svenske substantivfrasar.

- 1) Namn (*Johanna*), nakne substantiv (*bok*), kvantifisert ubestemt fleirtal (*tre flickor*), possessive substantivfrasar (*min syster*)
- 2) Premodifisert bestemt form eintal (*hela dagen*), bestemt form eintal (*flickan*), ubestemt form eintal (*en flicka*)
- 3) Premodifisert bestemt form eintal utbygga med adjektiv (*det gula huset*), premodifisert ubestemt form eintal utbygga med adjektiv (*ett gult hus*)

Ein kan merke seg at å kjenne til distinksjonen mellom kjent og ukjent informasjon ikkje er nødvendig for å utføre markeringane i første fase. Bestemt og ubestemt form ser ein at først kjem til uttrykk i fase to. Vidare blir dei bestemte og ubestemte substantivfrasene utbygga med adjektiv i tredje fase.

Axelsson (1994) viser at det å identifisere når ulike substantivfrasar blir tileigna er relevant for å forstå når i utviklingsløpet innlærarar tileignar bestemtheit. Ein finn ikkje tilsvarende forskning på norske innlærarspråk, men mykje av den svenske substantivfraseoppbygginga er lik den norske, og dermed overførbar. Ein bør likevel merke seg at svensk konsekvent plasserer possessiv framfor kjernen i substantivfrasar (Teleman mfl., 1999, s. 249), og at ein på norsk også *kan* markere possessiv framforstilt, men nyttar etterstilte possessiv meir frekvent. Denne skilnaden er relevant fordi til tross for at både substantivfrasar med framforstilte og etterstilte possessiv er defintte, står kjernen ubøygd ved førstnemnte, men får bestemtheitssuffiks ved sistnemnte. I og med at Axelsson (1994) tydleg viser at substantivfrasar med bestemtheitssuffiks på kjernen blir tileigna først i fase to, verkar det ulogisk å anta at substantivfrasar med etterstilte possessiv førekjem i første fase. Axelsson (1994) si plassering av possessive substantivfrasar i fase éin er dermed ikkje overførbar til norsk.

Utvikling av substantivfrasar etter Sørland

Kjartan Sørland (2010) har, med utgangspunkt i det empiriske materialet frå *God nok i norsk-*prosjektet, studert utviklinga av substantivfrasar i tidleg innlærarnorsk. Studien såg utelukkande på den syntaktiske utbygginga av substantivfrasar, og seier derfor ingenting om når i utviklinga bestemtheit tileignast, slik Axelsson (1994) sin studie gjer. Likevel er Sørland sine funn når det gjeld læringsgang for utbygging av substantivfrasar relevante å sjå i samanheng med bestemtheitsutvikling. Dette fordi visse typar substantivfraseutbyggingar krev visse former av substantivet. Til dømes krev substantivfrasar som er utbygga med possessiv framfor kjernen ubøygd kjerne, altså ubestemt form. Substantivfrasar utbygga med etterstilte possessiv krev derimot bestemtheitssuffiks på kjernen, altså bestemt form. I samband med forskning på bestemtheitsutvikling er det derfor relevant å vise til Sørland (2010) og det han legg fram om læringsrekkefølga innlærarar gjennomgår når gjeld utbygging av substantivfrasar. Studien presenterer fem fasar for substantivfraseutvikling (Sørland, 2010, s. s. 90-91), som i det følgande er gjengjevne i korte trekk:

- 1) Ikkje-utbygga substantivfrasar, beståande av berre kjernen
- 2) Utbyggingar med kvantor + kjerne
- 3) Utbyggingar med underledd framfor kjernen, possessiv + kjerne, beskrivar + kjerne
- 4) Utbyggingar med fleire ledd framfor kjernen (særleg bestemmar + beskrivar + kjerne), demonstrativ + kjerne, og etterstilte underledd
- 5) Utbyggingar med «tunge» adledd etter kjernen; preposisjonsfasar, relativsetningar og infinitivar

Der Axelsson (1994) naturlegvis ikkje tek stilling til når i utviklingsløpet etterstilte possessiv tileignast, viser Sørland (2010, s. 92) at possessiv framfor kjernen førekjem i andre fase, og at etterstilte possessiv seinare overtek i fase tre. Med andre ord er det tydeleg at substantivfrasar med etterstilte possessiv og bestemtheitsuffiks på kjernen, kjem etter markering med framforstilte possessiv i læringsrekkefølga.

I og med at Sørland (2010) ikkje studerte det morfologiske ved utviklinga, kan ein ikkje utifrå fasane for substantivfraseutvikling seie noko om når i utviklinga bestemt og ubestemt form tileignast. Likevel kan det i samband med bestemtheitskategorien vere relevant å kjenne til når visse utbyggingar dukkar opp. Til dømes ser ein at demonstrativ framfor kjernen ikkje dukkar opp før i fase fire. Dette kan tyde på at både dobbel bestemtheit (*den bilen*), men også avvik i form av demonstrativ framfor ubøyd kjerne (*den bil*), førekjem førehaldsvis seint i utviklingsløpet. Slike avvik (*den bil*) kan oppfattast som eit positivt teikn på utvikling i innlærarspråket, i og med at avviket ikkje førekjem i førsteårstekstane til informantane (Sørland, 2010, s. 92).

Utvikling av innlærarspråk etter Berggreen, Sørland og Alver

I og med at min studie undersøker elevtekstar frå korpuset bak prosjektet *God nok i norsk?*, er det spesielt relevant å vise til utviklingsfunna dette prosjektet presenterer. Spesifikt om bestemtheitsutvikling legg forskarane blant anna fram at elevane markerer talbøying før bestemtheitsbøying (Berggreen mfl., 2012, s. 78). Dei utdjupar ikkje mange funn knytt til bestemtheitsutvikling spesifikt, men som eit resultat av *God nok i norsk?*-prosjektet legg dei fram ei skildring av fire fasar (Berggreen mfl., 2012, s. 33) som dei foreslår at innlærarar gjennomgår ved utvikling av norsk som andrespråk. Fasane er basert på eit stort skriftleg tekstmateriale på ca. 450 tekstar skrive av 61 mellomtrinnslevar med norsk som andrespråk, og kan seie oss noko om korleis ein kan forvente at andrespråksinnlærarar utviklar det

skriftlege språket sitt over tid. Til tross for at fasane skildrar generell tekstspråkleg utvikling, kan ein òg trekke ut skildringar som seier noko om bestemtheitsmarkering i dei ulike fasane.

Faseskildringane i tabellen under er ei kort gjengiving av dei originale faseskildringane, og Berggreen, Sørland og Alver (2012, s. 33-47) gir ein meir utfyllande gjennomgang og diskusjon av dei fire fasane. Ein bør òg merke seg at forskarane understrekar at skildringa av fasane har ein prototypisk karakter, og at elevane kan ha kome langt på nokre punkt, men ligge bak på andre område (Berggreen mfl., 2012, s. 45). Det er dermed ikkje forventa at alle innlærarar vil kunne plasserast innanfor ei bestemt fase på eit gitt tidspunkt. Innhaldet i tabellen er utdrag frå Berggreen mfl. (2012, s. 33-47) si skildring, og dei utheva markeringane i tabellen er mine eigne, og viser trekk som er spesielt relevante i samband med utvikling av bestemtheit.

Tabell 1: Faseskildringar for utvikling av norsk som andrespråk etter Berggreen mfl. (2012)

	Faseskildringar
Begynnerspråket	Språket skildrast som leksikalsk (består av enkeltord). Ingen funksjonell bruk av bøyingsformer. Få og svært enkle konstruksjonar. Substantivfrasene er uutbygga (består av kjernen aleine). Tekstane er kontekstavhengige. Språket inneheld utanatlærte former og uttrykk. Ordforrådet er avgrensa. Tekstbinding skjer ved enkle bindeord (og, så).
Reisverkspråket	Framleis fokus på innhaldsord. Bøyingsformene viser utprøvande variasjon. Enkle setnings- og frasekonstruksjonar blir brukt. I mindre grad kontekstavhengige tekstar. Det dukkar opp konjunksjonar (og, men), nokre pronomen og dei første tidsuttrykka (så, når, då). Framleis utanatlærte former og uttrykk. Ordforrådet er framleis avgrensa.
Utbyggingsspråket	Innlæraren har taket på grove trekk ved den språklege systematikken. Ordforrådet framleis avgrensa. Meistring av hovudreglar. Leddsetningar av fleire typar er i bruk, substantivfrasene blir bøyde ut, og ordstillinga er meir variert. Inversjon fell på plass. Vekslingar mellom introduserte ubestemte former som seinare blir bestemte. Framleis avvik. Ikkje lenger like kontekstavhengige tekstar.

Mot jamaldringslikt norsk	Liknar norskbruken til jamaldringar. God tekstforståing og sjangertilpassing. Fyldig og presis tekst. Ordforrådet er framleis avgrensa. På enkelte områder gjer innlærarar feil sjølv etter mange års læring, noko som markerer at dei ikkje har «innfødt» kompetanse.
---------------------------------	---

Ein kan merke seg at faseskildringane viser at innlærarspråk som samsvarar med *begynnarspråket* ikkje har nokon funksjonell bruk av bøyingsformer, og at substantivfrasene er uutbygde. Dette kan tyde på at substantiv i denne første fasa blir ståande nakne, utan verken ubestemt artikkel for å markere ubestemt form eller bestemtheitssuffiks for å markere bestemt form.

Når innlærarspråket når *reisverkspråket* kan ein trekke fram at bøyingsformene viser utprøvande variasjon. Dette kan tyde på at ein i denne andre fasa vil finne utprøvingar også når det gjeld bestemtheit, som til dømes forsøk på å markere bestemt form, eller stor grad av variasjon og inkonsekvens. Forskarane nemner at dei færreste vil meistre å skilje mellom bestemt og ubestemt form, og at analytiske tilnærmingar til bestemt form som <den katt> eller <han mann> ofte opptrer i denne fasen (Berggreen mfl., 2012, s. 39). Dei presiserer også at nokre innlærar markerer bestemt form tilsynelatande tilfeldig i byrjinga av innlæringa (Berggreen mfl., 2012, s. 80).

Det som blir lagt fram om bestemtheit i *utbyggingsspråket* er blant anna at ein byrjar å sjå vekslingar mellom introduserte ubestemte former som seinare i tekstane blir bestemte (Berggreen mfl., 2012, s. 42). Med andre ord viser innlærarar no teikn til bestemtheitsmarkering ved anaforisk referanse. Faseskildringane seier ikkje noko om når innlærarar byrjar å meistre bestemtheitmarkering ved situasjonsbetinga definitiv referanse, eller om denne førekjem før, etter eller samtidig med den anaforiske markeringa.

I den siste faseskildringa, der språket blir skildra som *mot jamaldringslikt norsk*, skildrar ikkje forskarane trekk ved bestemtheit spesifikt. Likevel kan ein ut i frå den generelle faseskildringa forvente ei større meistring av bestemtheit, i og med at språket no liknar norskbruken til jamaldringar. Ein bør samtidig merke seg at forskarane påpeiker at avvik også vil førekomme her, og at innlærar på somme område vil gjere feil til tross for mange år med læring (Berggreen mfl., 2012, s. 42).

Forskarane viser også at ikkje alle elevar går gjennom alle utviklingstrinn, men at nokre elevar startar høgre oppe i den elles predikerte utviklingsløypa når det gjeld innlæring av visse trekk, noko som dei antek heng saman med positiv transfer (Berggreen mfl., 2012, s. 47). Det kan derfor vere at somme elevar hoppar over dei første fasane ved markering av somme trekk.

3.0 Metode

For å undersøke korleis bestemtheit markerast og utviklast av nykomne andrespråkselevar, har eg velt å utføre ei innlærarspråksanalyse av bestemtheitsmarkering i elevtekstane til eit utval på fem informantar. Elevtekstmaterialet er henta frå korpuset som ligg til grunn for prosjektet *God nok i norsk?* (2012). I dette kapitlet gjer eg i hovudsak greie for valet om å utføre ein longitudinell korpusstudie med korpusdrevne tilnærming. I tillegg grunngrir eg mitt informantutval, og presenterer mine analysekategoriar. Kapitlet vil gjennomgåande reflektere reliabilitet og validitet ved studien.

3.1 Longitudinell studie

Når formålet med mitt prosjekt er å studere utvikling, er det eit naturleg metodeval å utføre ein longitudinell studie. Ein longitudinell studie undersøker same informantar på ulike tidspunkt over tid (Singh, 2019, s. 21). Ein samlar som regel data frå minst tre tidspunkt i utviklinga, og informantutvalet er relativt lågt, slik at ein både kan undersøke gruppeframgang, individuelle variasjonar innanfor gruppa og individuell utvikling (Meunier, 2021, s. 30).

Longitudinelle studiar skil seg frå tverrsnittstudiar, der ein undersøker med eit relativt stort tal på informantar, og der data berre er samla inn frå eitt tidspunkt i innlæringa (Singh, 2019, s. 21). Fordelen med ein større tverrsnittstudie er at ein kan trekke meir generaliserte konklusjonar. På den andre sida opnar ikkje tverrsnittstudiar for å sjå på individuell utvikling. Hos Axelsson (1994, s. 3) blir longitudinelle studiar løfta fram som ideelle når føremålet er å seie noko om språkleg tileigningsrekkefølge og utvikling, samtidig som ho presiserer at kvantitative studiar er nødvendige for å kunne generalisere utviklingsfunn. Derfor ser ein at somme større og omfattande studiar er kombinerte tverrsnitt- og longitudinellstudiar, som eksempelvis Axelsson (1994). Meunier (2021, s. 30) påpeiker at metodebruken i andrespråksutviklingsfeltet har hatt ei utvikling der kvalitative undersøkingar har vore føretrekkte dei seinare åra, og at longitudinelle tilnærmingar i større grad blir inkluderte, noko som kan tyde på at individuell utvikling oppfattast relevant å undersøke. Med omfanget av ei mastergradavhandling er det naturleg å avgrense meg til å utføre ein rein longitudinell studie. Samtidig er det viktig å påpeike at denne studien ikkje legg fram innsikter som kan generaliserast, men har som formål å undersøke utvikling hos ei mindre gruppe og enkelte innlærarar.

3.2 Bruk av innlærarkorpus

Det empiriske materialet som ligg til grunn for denne studien er elevtekstar henta frå eit innlærarkorpus. Bakgrunnen for bruken av innlærarkorpus er først og fremst eit praktisk aspekt. Skal ein sjølv samle inn elevtekstar, vil dette vere svært tidkrevjande, og det lønner seg derfor ofte å ta i bruk eit innlærarkorpus med allereie innsamla materiale som passar for prosjektet (Granger, 2012, s. 14). I og med at min studie undersøker progresjon og utvikling, er det effektivt å ta i bruk eit korpus der det allereie er samla inn elevtekstar over tid. *God nok i norsk?*-korpuset er eit slikt innlærarkorpus. Til tross for at store delar av korpuset inneheld elevtekstar henta frå eitt bestemt tidspunkt i innlæringa, har korpuset også eit utviklingsmateriale, der 20 av informantane har blitt følgt over tid. Å ta utgangspunkt i elevtekstar frå dette utviklingsmaterialet gir dermed grunnlag for å utføre ein longitudinell studie.

Det er verdt å merke seg at *God nok i norsk?*-korpuset ikkje er eit elektronisk innlærarkorpus, og kan minne meir om det McEnery, Xiao og Tono (2006, s. 3) omtalar som «shoebox corpora», der datamengdene er mindre og henta frå færre informantar. Ei ulempe ved at korpuset ikkje er elektronisk, er at ein ikkje har tilgang på annonserte datamengder, og dermed ikkje kan søke fram trekk ein vil undersøke elektronisk. Å trekke ut førekomstar og markeringar vil naturlegvis ta lengre tid ved ikkje-elektroniske korpus (Ragnhildstveit, 2018, s. 423). Annonserte datamengder opnar også i større grad for å undersøke førekomstar kvalitativt, noko som kan auke reliabiliteten ved funna. Til tross for fordelane eit elektronisk innlærarkorpus medfører med tanke på tidsaspekt og reliabilitet, er individuell utvikling også svært relevant å undersøke, noko dei eksisterande norske, elektroniske korpusa ikkje legg til rette for. I tillegg er det relevant at elevtekstmaterialet i *God nok i norsk?*-prosjektet er basert på mellomtrinnslevar, og ikkje vaksne innlærarar slik som til dømes *ASK*-korpuset. Eit fokus på individuell tileigning hos mellomtrinnslevar er naturleg i ei mastergradavhandling i grunnskulelærerutdanning, og var derfor ein relevant faktor for avgjersla om å bruke elevtekstar frå *God nok i norsk?*-korpuset som empirisk materiale.

3.2.1 Om *God nok i norsk?*-korpuset

God nok i norsk?-korpuset er oppretta i samanband med eit språk- og skriveutviklingsprosjekt gjennomført frå 2007 til 2010, med utgangspunkt i skriftekstar produsert av tospråklege elevar på mellomtrinnet. Prosjektet vart gjennomført av Harald Berggreen, Kjartan Sørland og Vigdis Alver, som alle tre var tilsette ved det som i dag heiter Høgskulen på Vestlandet.

Prosjektet hadde særleg fokus på elevar som nett var komne til Noreg, og hadde som hovudformål å bringe meir kunnskap knytt til språk- og skriveutviklinga til desse elevane, samt finne meningsfulle og nyttige måtar å vurdere den norskspråklege utviklinga til nykomne elevar (Berggreen mfl., 2012, s. 7-14).

Prosjektet samla inn tekstar frå totalt 84 elevar i klassene til 15 lærarar, og alle elevane gjekk på mellomtrinnet då prosjektet starta. 20 av elevane utgjer utviklingsmaterialet i prosjektet og har blitt følgt over tid. I og med at desse blei følgt over tid gjekk nokre av desse på ungdomsskulen då dei siste tekstane vart samla inn, elles er informantane mellomtrinnslevar. Bakgrunnsopplysingane som er samla inn om elevane er kjønn, alder og klassetrinn, og alder på eleven då han eller ho kom til Noreg. Tidlegare gav korpuset også opplysningar om førstespråk hos informantane, men desse har i seinare tid blitt fjerna på grunn av personvernsomsyn. Likevel gir korpuset opplysningar om kva språkgruppe informantane sitt førstespråk kan plasserast innanfor. I min analysegjennomgang vil språkgruppe bli presentert i introduksjonen av kvar enkelt informant, men utover dette vil ikkje førstespråk bli vektlagt i studien, i og med problemstillinga mi ikkje legg opp til ein studie med fokus på transfer.

3.2.2 Klinisk framkalla data

Med utgangspunkt i Ellis (2008, s. 911-923) si oversikt over ulike datatypar brukt i andrespråksforskning, omtalar Ragnhildstveit (2018, s. 424) innlærarkorpus som klinisk framkalla data. At data er klinisk framkalla vil seie at dei er framkalla med ein viss kontroll frå forskaren si side, til forskjell frå naturlege data, der innlæraren i ein genuin kommunikasjonssituasjon har full kontroll på språkbruken. Tekstar i eit innlærarkorpus blir sett på som nesten-naturlege data, i og med at innlæraren sjølv produserer og har kontroll over språkbruken, samtidig som tekstane likevel er produserte innanfor visse rammer (Ragnhildstveit, 2018, s. 425; Granger, 2012, s. 8). *God nok i norsk?*-korpuset har klinisk framkalla data, i og med at forskarane bak prosjektet har gitt bestemte skriveoppdrag til elevane. Mange av tekstane er baserte på biletseseriar, der skriveoppdraget har vore å skrive ei forteljing med utgangspunkt i bilete. Eit par av tekstane er utforma i etterkant av at elevane har jobba med eit kjent eventyr gjennom skodespel. Korpuset består også av saktekstar, der elevane har fått beskjed om å skrive fritt om eit gitt tema. Med andre ord set forskarane bak innsamlinga rammer for språkbruken, og dataa er nesten-naturlege i og med at elevane fritt produser tekst innanfor rammene. Det er vanskeleg å få tak i heilt naturlege data (Granger,

2012, s. 8). Bruk av innlærarkorpus med nesten-naturlege data er derfor ei god løysing når eg ønsker undersøke markering av bestemtheit i eit utval innlærarspråk.

Samtidig er det viktig å vere klar over at det elevar får vist gjennom eit par skriftlege tekstar ikkje er representativt for den språkkompetansen elevane sit inne med. Språkleg kompetanse og språkbruk er ikkje det same (Berggreen & Tenfjord, 1999, s. 23). Ein elev sit inne med mykje meir språkkompetanse enn det som er mogleg å observere gjennom språkbruken som kjem til uttrykk gjennom eit utval skriftlege tekstar. Friedman (2012, s. 194) påpeiker at ein må vere forsiktig med å dra slutningar utover det datamaterialet faktisk kan vise når ein utfører kvalitative analysar. Mine funn kan gi ein relevant peikepinn på kva eleven meistrar å formidle av sin språkkompetanse på eit gitt tidspunkt, utan at eg kan fastslå at markeringa er representativ for den fullstendige språkkompetansen eleven sit inne med.

3.3 Korpusdreven tilnærming til data

Når ein skal analysere korpusdata finnast det to ulike metodiske tilnærmingar å studere datamaterialet med; ei korpusbasert tilnærming og ei korpusdreven tilnærming. Med ei korpusbasert tilnærming testar ein allereie eksisterande teori eller hypotesar innanfor forskingsområdet opp mot korpusdata (Granger, 2012, s. 13). Med andre ord har ein ei deduktiv tilnærming, der føremålet blir å bekrefte eller avkrefte tidlegare forskning. McEney, Xiao & Tono (2006, s. 8) presiserer at tilnærminga i dag først og fremst er brukt for å teste teoriar og skildringar som blei formulert før ein hadde tilgang til store korpus, for å validere om desse teoriane stemmer. Ei korpusdreven tilnærming undersøker derimot korpusmaterialet induktivt, og studerer materialet som ei heilheit (Granger, 2012, s. 13). I staden for å teste tidlegare hypotesar, nyttast korpuset som ei kjelde til å formulere eigne hypotesar (Meuiner, 2021, s. 29). Distinksjonen mellom korpusbasert og korpusdreven tilnærming liknar Larsen-Freeman og Long (1991, s. 11) sin omtale av skilnaden på kvantitativ og kvalitativ tilnærming i andrespråksforskning:

«The prototypical qualitative methodology is an ethnographic study in which researcher do not set out to test hypothesis but rather to observe what is present with their focus, and consequently the data, free to vary during the course of observation. A quantitative study, on the other hand, is best typified by an experiment designed to test

a hypothesis through the use of objective instrument and appropriate statistical analyses” (Larsen- Freeman & Long, 1991, s. 11).

Det er ei korpusdreven, kvalitativ tilnærming som ligg til grunn for min studie. Det empiriske grunnlaget er ikkje stort nok til å generalisere resultat som kan bekrefte eller avkrefte tidlegare hypotesar knytt til bestemtheitsutvikling. I tillegg er tidlegare forskning på norsk bestemtheitsutvikling avgrensa, noko som gjer det naturleg å søke ny innsikt. Eg har derfor analysert det empiriske materialet induktivt.

3.4 Utval av empirisk materiale

Blant dei 20 informantane som utgjer utviklingsmaterialet i *God nok i norsk?*-korpuset, har eg plukka ut fem informantar. For å svare på problemstillinga mi ønska eg ein empiri der informantane hadde produsert tekstar både på det første, andre og tredje året i norskinnlæringa si. Det var også viktig for meg at informantane eg plukka ut hadde produsert meir enn to tekstar per år. Dette for å sikre meg at tekstproduksjonen per år inneheldt såpass mange substantivfrasar at eg kunne seie noko om systematikken i bestemtheitsmarkeringa til eleven på det enkelte året. Gjennom å velje ut elevar med minst to elevtekstar per år, var tanken å sikre eit tilstrekkeleg grunnlag for å skildre bestemtheitsmarkeringa år for år, slik at eg i større grad kunne seie noko om korleis markeringa utvikla seg. Eg ønska med andre ord å sikre validitet gjennom ein empiri som viste fleire førekomstar av same typen markering, slik at eg i større grad kunne anta systematikk og mønster i bestemtheitmarkeringa. Eg velte dermed ut elevar som hadde produsert minst to elevtekstar per år, og helst fleire. Utvalet mitt består av tekstproduksjon hos fem elevar, og til saman består det empiriske materialet mitt av 67 elevtekstar. Tabellen under viser bakgrunnsopplysningane eg hadde tilgang til hos kvar av dei utvalde informantane, samt kor mange elevtekstar som har blitt analysert per elev. Eg har tildelt kvar informant eit pseudonym.

Tabell 2: Oversikt over informantutval

Pseudonym	Kjønn	Alder ved ankomst Norge	Alder ved tekstproduksjon (første, andre og tredje år)	Morsmål (språkgruppe)	Tal på elevtekstar (første, andre og tredje år)
Tim	G	11	12, 13, 14	Søraust-asiatisk	6, 5, 3
Katarina	J	11	12, 13, 14	Slavisk	3, 5, 3
Ivan	G	11	12, 13, 14	Slavisk	7, 6, 2
Sabrina	J	11	12, 13, 14	Semittisk	6, 3, 4
Luka	G	10	11, 12, 13	Søraust-asiatisk	6, 5, 3

3.5 Analysearbeid

Eg har utført ei innlærarspråksanalyse av innlærarspråket til elevane for å få innsikt i korleis dei marker bestemtheit på tre ulike tidspunkt. Utgangspunktet for det induktive analysearbeidet mitt var å identifisere indefinite og definite substantivfrasar i elevtekstane, og skildre korleis elevane markerte desse substantivfrasane. I den induktive analysinga la eg etter kvart merke til visse former for bestemtheitsmarkering som gjekk igjen på tvers av elevane. Eg velde derfor å eksplisitt sjå etter desse markeringane hos kvar elev, for å kunne seie noko om når i utviklingsløpet desse markeringane førekom. Hos kvar elev, og for kvart år, såg eg derfor etter følgande substantivfrasar og bestemtheitsmarkeringar:

- 1) Avvik i form av nakne substantiv (*bok*)
- 2) Indefinit referanse, ubestemt form eintal (*en bok*)
- 3) Definit referanse, avvik med forsøk på bestemt form eintal (*t.d. boke*)
- 4) Anaforisk definit referanse, bestemt form eintal (*boken*)
- 5) Situasjonsbetinga definit referanse, bestemt form eintal (*boken*)
- 6) Definit referanse, framforstilt possessiv (*min bok*)
- 7) Definit referanse, etterstilt possessiv (*boken min*)
- 8) Definit referanse, avvik i form av demonstrativ framfor ubøygd kjerne (*den bok*)

9) Definit referanse, dobbel bestemtheit (*den boken*)

Ein kan merke seg at eg generelt skil mellom definite og indefinite substantivfrasar, men at eg ved bestemt form eintal også skil mellom anaforisk og situasjonsbetinga definit referanse. I den induktive analyseringa blei eg raskt oppmerksom på at somme elevar markerte bestemt form eintal hyppigare der referansen var situasjonsbetinga definit versus anaforisk. Derfor identifiserte eg hos alle elevane i tillegg om dei definite substantivfrasene som var nytta hadde anaforisk eller situasjonsbetinga referanse, for å undersøke om denne distinksjonen generelt sett hadde betydning for kva slags substantivfrasar som fekk bestemt form når i utviklingsløpet.

Når eg i neste kapittel legg fram funna vektlegg eg både skildring og analysering. Med ei deskriptiv tilnærming til grammatikken har eg fokusert på å skildre språkbruken i elevtekstane, framfor å korrigere eller peike ut avvik. I tillegg vektlegg eg å analysere førekomstane, gjennom å drøfte kva trekka eg finn viser meg om eleven sin systematikk på det gitte tidspunktet i innlæringa.

4.0 Funn og analyse

I det følgende legg eg fram funn og analyse av dei fem informantane si markering av bestemtheit år for år. Gjennomgangen er i hovudsak deskriptiv, men inneheld også til ein viss grad analysering av markeringane som førekjem. Etter at bestemtheitsmarkeringa til kvar informant har blitt presentert år for år, følger ei oppsummering der utviklinga til den enkelte eleven kort blir lagt fram. Kapittelet undersøker dermed studien sine to første forskingsspørsmål:

- 1) Korleis markerer elevane bestemtheit første, andre og tredje år i Noreg?
- 2) Korleis utviklar bestemtheitsmarkeringa seg individuelt hos kvar enkelt elev?

For å unngå gjentakingar vil ikkje funna bli sett opp mot tidlegare forskning før dei omtalast samla i neste kapittel. Analyseringa heng likevel i stor grad saman med det eg i kunnskapsgrunnlaget presenterer om innlærarspråk, og bygger på ei oppfatning av innlærarspråk som varierte, systematiske og forutsigbare. Kapittelet inneheld døme med direkte sitat frå elevtekstane, for å understreke førekomstar. Dei utheva markeringane i sitata er mine eigne, og markerer relevante substantivfrasar.

4.1 Tim

Min første informant har eg valt å gi pseudonymet Tim. Tim har eit morsmål innanfor språkgruppa søraust-asiatisk, og kom til Noreg då han var 11 år gammal. Det empiriske materialet består av seks tekstar frå Tim sitt første år i Noreg, fem frå andre året og tre frå tredje året.

4.1.1 Første år

Førsteårstekstane til Tim inneheld i liten grad bestemtheitsmarkering. Både dei indefinitte og dei definitte substantivfrasane kjem til uttrykk som nakne substantiv. I døma under ser ein at dei indefinitte referentane <telefon> og <gorilla> blir presenterte utan markering med ubestemt artikkel, og at dei heller ikkje får bestemt form seinare i teksten når referenten er kjent.

Hun hører **telefon** (tekst 3, linje 3)

Hun går å tar **telefon** (tekst 3, linje 5)

Mor og gutte gå dyrehage og se **gorilla** (tekst 2, linje 2)

Gorilla gå opp tre (...) (tekst 2, linje 4)

Gorilla gå in burk (...) (tekst 2, linje 5)

Med andre ord opererer ikkje Tim på dette tidspunktet i innlæringa med ein systematikk som skil mellom kjent og ukjent informasjon. Til tross for dette, førekjem det likevel tilfelle der bestemt og ubestemt form blir markert. I kontrast til det dominerande fråværet av bestemtheitsmarkering, kan ein merke seg fire førekomstar der Tim markerer bestemt form:

De åpner **kjøleskapet** (tekst 1, linje 2-3)

De tar ketchup på **glasset** (tekst 1, linje 5)

Gorilla gå tilbake til **skogen** (tekst 2, linje 7-8)

Jeg spille Playstation etter **leksene** klokka 20:30 kr (tekst 5, linje 9-11)

Felles for desse fire førekomstane er at referansen er situasjonsbetinga definitivt. Likevel skyldast bruken av bestemt form ved orda <kjøleskapet> og <glasset> truleg at det ved skriveoppdraget til tekst 1 var oppgitt frasene <åpner kjøleskapet> og <på glasset> som hjelpeord eleven kunne ta utgangspunkt i under skrivinga. Eleven sin bruk av bestemt form ved substantiva <skogen> og <leksene> skyldast derimot ikkje hjelpeord. Ein skal ikkje sjå vekk ifrå at Tim markerer <skogen> og <leksene> fordi han har høyrte orda i bestemt form såpass mange gongar at han har tileigna dei i denne forma. Går ein utifrå dette, seier desse to førekomstane oss derfor lite om forståinga han på dette tidspunktet i innlæringa har for bestemtheit. Det einaste førekomstane viser er at han har byrja å markere nokre substantiv med bestemtheitssuffiks, utan at han nødvendigvis har forståing for bestemtheit som språktrekk endå. Den same utprøvande tendensen ser ein også når det gjeld dei indefinitte substantivfrasene; I stor grad dominerer nakne substantiv ved indefinitte referantar, men ein finn likevel nokre unntak:

En natt pappa også sulten tar syltetøy (tekst 1, linje 6)

Han spiser **et bein** og spiser hundemat og spiser litt kjøtt og spiser pølse (tekst 4, linje 6-7)

Han har **en litten sengen** (tekst 4, linje 10-11)

I det første dømet verkar det som om substantivfrasen referer til ei ny natt der noko nytt skjer. Den ubestemte artikkelen <en> framfor kjernen <natt> markerer dermed den indefinitte referansen ubestemt samsvarande med norsk morfologi. Sidan markeringa ikkje førekjem mange gongar er det vanskeleg å seie om dette er ei utprøving av ubestemt form eller berre ei tilfeldig markering. Ei mogleg tolking er at Tim nyttar <en> som eit talord, og at markeringa dermed ikkje er bevisst ubestemt.

I det andre dømet skriv Tim om ein hund og kva denne hunden et, og det verkar som om referenten er sjølv stoffet <bein> og ikkje eitt bestemt bein. Derfor blir den ubestemte artikkelen <et> misvisande dersom Tim forsøker formidle at hunden generelt et bein, men kan likevel seie oss noko om at han byrjar å oppdage at dette er ei form som blir mykje brukt i norsk. I det tredje dømet er referenten indefinit, og Tim innleiar substantivfrasa med den ubestemte artikkelen <en>. I tillegg legg han til eit bestemtheitssuffiks på kjernen i substantivfrasen, dermed er det som om substantivfrasen både får bestemt og ubestemt form. Dette er eit døme som er verdt å trekke fram, fordi det viser ei tydeleg utprøving av former eleven har merka seg. Alle dei tre døma viser oss at innlærarspråket og bestemtheitsmarkeringa til Tim inneheld variasjon på dette tidspunktet. Han testar så vidt ut ulike former for bestemtheit, men systematisk sett ser ein at å la substantiva stå nakne er det som dominerer.

4.1.2 Andre år

Etter to år i Noreg ser ein at Tim i større grad tek i bruk og testar ut ulike former for bestemtheit. Ein finn no fleire døme på at ny informasjon blir presentert i ubestemt form med den ubestemt artikkelen <en> framfor substantivet.

Han tar **en bømte** med vanne i den (tekst 7, linje 2)

Det står **en kamel** inne på dyre-hagen (tekst 8, linje 4/5)

Det står **en skilt** vedsiden isen (tekst 9, linje 7/8)

Generelt førekjem dei nakne substantiva sjeldnare enn året før, og ein ser også oftare at substantiva no får bestemt form, eller at ulike variantar blir utprøvd. Spesielt ved substantiv der referansen er situasjonsbetinga definit kan ein merke seg at Tim markerer bestemt form.

De skal betale inn på **dyre-hagen** (tekst 8, linje 3/4)

Det var en gang en gutt som skal på skøyter i **skogen** (tekst 9, linje 2)

Men når han sover på **sykkehuset** (...) (tekst 9, linje 15/16)

Igjen kan dette ha sammenheng med at disse substantiva meir frekvent blir omtalt i bestemt form i det norske språket, og dermed er enkle å memorere som bestemte. Ein kan dermed spekulere i om eleven faktisk byrjar å utvikle ei forståing for situasjonsbetinga definit referanse, eller om eleven er vant til å høyre uttrykka i bestemt form, og dermed markerer dei bestemt. Til samanlikning er det interessant å merke seg korleis Tim markerer frasar som har anaforisk referanse. I andreårstekstane samla sett, men også i ein og same tekst, kan ein både finne døme der Tim markerer anaforiske referentar i bestemt form og døme der han ikkje gjer det. Med andre ord er innlærarspråket til Tim, og markeringa av bestemt form ved anaforisk referanse, prega av variasjon.

Han tenker og da kommer **en jenter**. Hvis **hun jenten** åpner døren da faller vanne ned på **jenten** (tekst 7, linje 5-6)

Til tross for at eleven bruker ei fleirtalsform når den indefinitte referenten i første setning blir presentert, forstår ein utifrå konteksten at det er forsøkt å referere til ei spesifikk individuell jente. Når referenten no er kjent markerer eleven referenten i bestemt form i neste omgang, og legg til og med bestemmaren <hun> framføre. Dette viser i stor grad eit ønske om å understreke at det refererast til noko definit. I samanlikning med førsteårstekstane til Tim, der dei fleste substantiva var nakne, viser dette ei utvikling i oppfatninga av distinksjonen mellom kjent og ukjent informasjon. Å legge til ein bestemmar i form av <hun> eller <han> framføre kjernen gjer Tim fleire stadar i andreårstekstane, til dømes i tekst 9, der han skriv <lege sitte vedsiden han gutten> (tekst 9, linje 17). Ein kan merke seg at avvik av typen <han gutt>, utan bestemtheitssuffiks på kjernen, ikkje førekjem i det heile. I alle tilfella der Tim legg til ein framforstilt bestemmar i form av <hun> eller <han> får kjernen i tillegg bestemtheitssuffiks, og bestemtheit blir dermed markert dobbelt. Ei mogleg årsak er at Tim kan vere vant til bestemt artikkel framfor kjernen frå andre språk han kan, og overfører denne systematikken, men dette har eg ikkje nok bakgrunnskunnskap om til å kunne vurdere. Uansett viser den doble bestemtheitsmarkeringa at Tim er bevisst på at referenten er kjent. Samtidig ser ein teikn på det motsette, altså at Tim ikkje markerer bestemt form ved anaforisk referanse i det heile:

Det var en jente med **bamse** (tekst 8, linje 1)

Da mister hun **en bamse** (tekst 8, linje 10)

Sjølv om referenten er presentert på linje 1 får den likevel ubestemt form på linje 10. I tillegg blir referenten markert som nakent substantiv når den nemnast i resten av teksten, til tross for at referenten då er definit. Ein finn også døme på det motsette, altså at ein referent gjennom heile teksten blir presentert i bestemt form, til tross for at referenten innleiingsvis er indefinit. I dømet under har substantivet <door> bestemt form både når det blir presentert som ny informasjon og når det blir presentert som kjent informasjon:

Det var en gutt som står på **døren**. Han tar en bøtte med vanne i den. han den legger på **døren** (tekst 7, linje 1-3)

Med andre ord er Tim sin systematikk knytt til bestemtheitskategorien på dette tidspunktet mindre tydelig, i og med at han viser forståing for distinksjonen mellom kjent og ukjent informasjon somme stader, og andre stader ikkje. Den tydelege variasjonen i bestemtheitsmarkeringa viser at Tim har oppdaga bestemtheit i større grad enn året før, og at han no prøver ut språktrekket.

4.1.3 Tredje år

Førsteårstekstane til Tim var prega av nakne substantiv, men dette ser ein svært lite av i tredjeårstekstane hans. Dei aller fleste individuelle substantivfrasene inneheld no ein bestemmar enten i form av ein ubestemt artikkel eller eit bestemtheitssuffiks:

Internett er **et nett** som vi kan snakke med folk (...) (tekst 12, linje 2)

Hvis du ikke er god på **noen fag** da kan du lære det på **nette** (tekst 12, linje 23)

Jeg må betale få **Cupen** også (...) (tekst 13, linje 8-9)

(...) fordi **vanne** skal stige og ødelegge **huse dågge** (tekst 14, linje 2)

Slik ser ein ei tydelig utvikling frå første til tredje året. Om referansen er situasjonsbetinga eller anaforisk ser ikkje ut til å spele ei stor rolle for markeringa lenger, jamt over viser Tim få avvik, og avvik som førekjem er gjerne overproduksjonar. Eit døme på dette ser ein i setninga <hobbyen min er fotball og det går ut på kampen og trening> (tekst 13, linje 2-3) der

<kampen> får bestemt form utan at dette er nødvendig. Likt som året før ser ein at Tim framleis nokre stader markerer bestemtheit dobbelt:

Jeg vil si til **de vennene** mine at (...) (tekst 13, linje 14)

Den klubben som jeg går det heter Hovding (tekst 13, linje 5-6)

I dei to døma over er det ikkje nødvendig med den ekstra bestemmaren framføre substantivet, i og med at bestemtheitssuffikset på kjernen uttrykker at referenten er bestemt. Likevel viser dette i stor grad ei bevisstgjerung hos Tim; han er tydeleg klar over at referenten han viser til er definit. Ein kan også merke seg at Tim i tredjeårstekstane plasserer possessiv etterstilt. Han skriv til dømes <mobilen din> (tekst 12, linje 14) og <dataen din> (tekst 12, linje 27). Ein finn ingen døme på at Tim plasserer possessiv framforstilt, verken i første-, andre- eller tredjeårstekstane. Det verkar dermed som om Tim byrjar å markere etterstilte possessiv med kjernen i bestemt form på tredje året, på same tidspunkt som han generelt byrjar å markere bestemt og ubestemt form i samsvar med referansetypen til substantivfrasene i større grad.

4.1.4. Kort om utviklinga

Ein ser at markering i form av nakne substantiv gradvis går nedover, frå å tydeleg dominere første året, førekomme relativt frekvent andreåret, og ikkje førekomme i det heile tredje året. Tim markerer så vidt ubestemt form ved indefinit referanse og bestemt form ved situasjonsbetinga referanse første året, men det er først andre året at bestemt og ubestemt form i større grad blir prøvd ut. Markeringa på andre året er i stor grad prega av ein utprøvande variasjon, der både bestemt og ubestemt form blir markert inkonsekvent. På tredje året samsvarar markeringa i stor grad med referansetypen til substantivfrasen, og det verkar som om Tim har utvikla ein systematikk der han skil mellom kjent og ukjent informasjon. Han markerer på tredjeåret etterstilte possessiv med kjernen i bestemt form, utan å ha vore gjennom ein fase med markering av framforstilte possessiv.

4.2 Katarina

Min andre informant blir i det følgande omtalt som Katarina. Hos Katarina har eg analysert tre elevtekstar frå hennar første år i innlæringa, fem frå hennar andre år, og tre frå hennar tredje år. Ho var 10 år då ho kom til Noreg, og har eit morsmål innanfor språkgruppa slavisk.

4.2.1 Første år

Det første ein kan merke seg ved dei indefinitte substantivfrasene i førsteårstekstane til Katarina, er at måten dei blir markerte på varierer. Eit tydeleg døme på dette kan ein sjå i tekst to, der ho innleiar teksten med setninga <En natt gutte og jente veldig sulten> (tekst 2, linje 1). I og med at dette er den innleiande setninga i teksten, og referentane ikkje har blitt presentert før, har substantiva <natt>, <gutt> og <jente> indefinitt referanse. Katarina markerer det første substantivet i ubestemt form, det andre substantivet ved å legge til ein etterstilt <-e> og det tredje substantivet utan ei bøyingsform i det heile.

Ein etterstilt <-e> til substantivet ser ein ikkje igjen i dei andre substantivfrasene til Katarina etter eitt år, altså førekom denne markeringa berre éin gong, og kan dermed vere ein glipp. Måten ho markerte det tredje substantivet, altså ved å la substantivet stå nakent, er noko som derimot går igjen i stor grad i tekstane hennar.

Milosz sier til Linda **dør** er opne (tekst 3, linje 4)

Gorilla sitter i **busk** og hente **brille** eter på **jakke** (tekst 3, linje 6/7)

I og med at ein utifrå verken kontekst eller tidlegare referentar kjenner til referentane i døma ovanfor, har desse substantiva indefinitt referanse. Katarina markerer desse som nakne substantiv, utan framforstilt ubestemt artikkel. Denne typen markering dominerer førsteårstekstane hennar. Likevel kan ein merke seg at ho samtidig markerer somme indefinitte substantivfrasar i ubestemt form med ubestemt artikkel framføre substantiva:

I **en hjem** bor **en dame** (tekst 1, linje 1).

Hun hvil ha gå på **et bursdagsbesøk** (tekst 1, linje 4).

Systre se **en gorilla** (tekst 3, linje 3).

Gorilla hente **en hatt** (tekst 3, linje 5)

Det er vanskeleg å seie om Katarina her utbygger kjernen med <en> for å markere talordet éin, eller om ho markerer ubestemt artikkel, og bevisst refererer til noko ubestemt. Når ein samla sett studerer dei indefinitte substantivfrasene viser inkonsekvensen i alle tilfelle at dersom markeringa er ei bevisst ubestemt markering, er ubestemt form likevel ikkje automatisert hos eleven på dette tidspunktet i innlæringa.

Når det gjeld substantivfrasene med definititt referanse kan ein merke seg at Katarina også markerer desse som nakne substantiv i stor grad. Eit tydeleg døme på dette ser ein i tekst 1, der ho skriv <Katarszyna hyre telefon og gå til telefon> (tekst 1, linje 5-6) der referenten <telefon> har definititt referanse, men ikkje får bestemt form. Å slik markere defintte referentar i form av nakne substantiv finn ein mange døme på i førsteårstekstane til Katarina:

Damen liggen stryk på bluse. **Bluse** brenner. (Tekst 1, linje 7/8)

Systre se en gorilla. (...) **Gorilla** gå ut og hoppe på tre. (Tekst 3, linje 3/5)

Dette understrekar at Katarina på dette tidspunktet ikkje konsekvent skil mellom kjent og ukjent informasjon i systematikken sin. Likevel finn ein også døme på at Katarina markerer bestemt form ved å legge til eit bestemtheitssuffiks til substantivet, noko som samsvarar med norsk morfologi. Dette kan ein finne tre dømer på:

Damen liggen stryk på bluse. (Tekst 1, linje 7)

Bil siore og de ta van på **huset**. (Tekst 1, linje 13)

Michal og Patrycja gå på **kjøkkenet** og opne kjøleskap (Tekst 2, linje 2/3)

For å forsøke forstå eleven sin systematikk på dette tidspunktet i innlæringa kan det vere interessant å sjå nærare på dei substantiva Katarina gir bestemt form. Substantivet <damen> har anaforisk referanse, i og med at referenten har blitt introdusert tidlegare i teksten; <I en hjem bor en dame> (tekst 1, linje 1-2). Det at Katarina seinare i teksten omtalar referenten som <damen> (tekst 1, linje 7) er derfor eit tydeleg døme på anaforisk markering. Likevel markerer ho i neste setning <dame> (tekst 1, linje 8) som nakent substantiv, og den anaforiske markeringa er dermed ikkje konsekvent, og framstår dermed noko tilfeldig.

<Huset> og <kjøkkenet> har derimot ei situasjonsbetinga definititt referanse, og får altså bestemt form fordi det er inneforstått at det er snakk om eit bestemt hus og kjøkken for karakterane i forteljinga. Det er vanskeleg å vite om dette er former Katarina har memorert fordi dei ofte blir nytta i bestemt form på norsk, eller om ho byrjar utvikle ei forståing for bestemt form og testar denne ut. I og med at det berre er snakk om tre førekomstar av bestemt form er grunnlaget for lite til å konkludere med at Katarina i større grad markerer bestemt form ved situasjonsbetinga definititt referanse eller motsett. Samtidig kan ein merke seg nettopp dette; Ho har truleg ikkje utvikla ein systematikk for bestemtheit enda, og om

referansetypen er situasjonsbetinga eller anaforisk spelar dermed i liten grad inn for markeringa hennar på dette tidspunktet.

4.2.2 Andre år

I andreårstekstane til Katarina ser ein at avvik av typen nakne substantiv framleis er til stades, men at dei har ein tydelig nedgang i forhold til året før. Til dømes finn ein førekomstar som *<Per så en katt midt i tre>* (tekst 4, linje 4) der *<en katt>* blir markert med ubestemt artikkel, medan *<tre>* står som nakent substantiv. Inkonsekvensen underbygger teorien om innlærarspråk som prega av variasjon, og viser framleis ei utprøving hos Katarina.

Men det er **en bane** ved siden av **huse mitt** sa David (tekst 5, linje 18-19)

Markering av bestemt og ubestemt form tek no i større grad over for dei nakne substantiva. Ein finn også markeringar i form av etterstilte possessiv med bestemtheitssuffiks på kjernen, sjølv om dei ikkje er mange. Ein førekomst av bestemmar framfor ubøygde kjerne er å finne i tekst 7; *<den hest>* (tekst 7, linje 10-11), men denne typen avvik er få i andreårstekstane. Distinksjonen mellom kjent og ukjent informasjon verkar å ta del av systematikken til eleven i større grad. I tekst fire kan ein til dømes sjå at Katarina i stor grad markerer referentar med indefinitt referanse med framforstilt ubestemt artikkel, og referantar med definitt referanse med bestemtheitssuffiks. Ho presenterer til dømes *<en gutt>* (tekst 1, linje 3) og *<en katt>* (tekst 1, linje 4) for så å seinare i teksten omtale desse som *<gutten>* (tekst 1, linje 6) og *<katen>* (tekst 1, linje 6). Ho har til og med bestemtheitssuffiks i fleirtal; *<katene>* (tekst 1, linje 7). Til tross for at mesteparten av tekst 1 inneheld definitte referantar, viser ho mot slutten når ho presenterer ein ny referent; *<en stige>* (tekst 1, linje 11), at ho kan veksle og markere denne i ubestemt form. Det at Katarina slik vekslar mellom å markere bestemt og ubestemt form viser ei forståing for bestemt form ved anaforisk referanse.

Hun spiste **en is**. Det var varmt inne og **isen** smeltet (tekst 6, linje 3).

Når Katarina no markerer fleire definitte substantivfrasar i bestemt form kan det vere interessant å studere dei førekomstane der ho ikkje gjer det, og sjå nærare på om desse avvika har fellestrekk. For det første finn ein éin førekomst der Katarina ikkje gir ein anaforisk referent bestemt form, til tross for at ho elles ser ut til å markere slike referantar bestemt i stor

grad; <Zuza liget t-skjorte der> (tekst 6, linje 7). T-skjorta ho referer til har blitt presentert tidlegare i teksten, og substantivet har her definitt referanse, men Katarina markerer det nakent utan bestemt form. Det interessante er at ho i neste setning likevel forsøker å markere <t-skjorte> i bestemt form: <Det t-skjorte den var rosa> (tekst 6, linje 7/8). At Katarina nyttar bestemmarar som <det> og <den> er eit tydeleg forsøk på å vise til noko bestemt, noko som kan tyde på at Katarina likevel har ein ei innebygd forståing for at referenten er definitt i denne samanhengen, til tross for at ho ikkje markerer bestemt form.

Eit anna avvik ein kan trekke fram, som også gjeld ordet <t-skjorte>, finn ein i byrjinga av same tekst når referenten blir presentert for første gang. Også her markerer Katarina substantivet nakent:

Hun blit helt skiten på **t-skjorte** (Tekst 6, linje 6).

I byrjinga av tekst seks skriv Katarina at isen smelta og at hovudkarakteren <blit helt skiten på t-skjorte>. Det spesielle med dette dømet er at sjølv om <t-skjorte> blir presentert for første gang, har substantivet i denne konteksten likevel definitt referanse. Det er fordi referenten er situasjonsbetinga, altså er det inneforstått at det er snakk om ei bestemt t-skjorte når ho i same setning viser til ein bestemt person. Når Katarina elles markerer bestemt og ubestemt form hyppig er det interessant at ho ved dette tilfellet blir forvirra og lar substantivet stå nakent. Det er verdt å merke seg at dette også skjer ved andre situasjonsbetinga definte referentar:

Susanna gått ned til **vaskemaskin** (tekst 6, linje 5)

En damme har set det og hun ringte saført som mulig til **ambulanse** (tekst 5, linje 7)

Michal sparket sa hart at ballen flyt på **overgangs felt** (tekst 5, linje 4)

Ein ser med andre ord at avvika til Katarina, altså førekomstar der ho ikkje markerer bestemt form, har til felles at referenten er situasjonsbetinga.

4.2.3 Tredje år

Året etter er avvik i form av nakne substantiv enda færre. Dei tre tekstane Katarina har produsert etter tre år i Noreg viser at ho på dette tidspunktet nyttar ubestemt artikkel ved samtlige substantiv med indefinitt referanse i eintal. Også alle substantivfrasar med definitt

referanse får, eller er forsøkt uttrykt med, bestemt form i tredjeårstekstane til Katarina. Dette viser tydeleg ei utvikling frå året før.

Men når han gikk gjennom **butikken** så han **en bilavis** han alltid ville ha (tekst 9, linje 4-5)

<Butikken> har situasjonsbetinga definitt referanse, og blir markert i bestemt form. Deretter presenterer ho ein ny og indefinitt referent, <en bilavis>, og gir denne ubestemt form. Ein ser også at Katarina markerer substantivfrasar med etterstilte possessiv, til dømes <søsteren sin> (tekst 11, linje 4), og dobbel bestemtheit, til dømes <dene jobben> (tekst 10, linje 11).

Jeg synes **denn jobben** er perfekt for meg. Dokke få se ka jeg kan. Få høre **sangene mine** (...) klarer å få **drømmene mine** til å virke (tekst 10, linje 17-20)

I døma over kan ein merke seg både dobbel bestemtheit og etterstilte possessiv, men ein kan også merke seg at Katarina markerer bestemt form fleirtal. Dette nytta ho ikkje i stor grad året før, og er dermed eit teikn på utvikling. Noko som er interessant er at Katarina ikkje har avvik når det gjeld bestemt form eintal, dei einaste avvika i tredjeårstekstane hennar førekjem der ho forsøker uttrykke fleirtal. Til dømes skriv ho i tekst 9 innleiingsvis at <Michal fikk pengene fra moen sin> (tekst 9, linje 2), med bestemt fleirtalsartikkel, til tross for at referenten er ukjent for mottakaren. Ein ser også at Katarina nyttar fleirtalsending i ordet <dørene> (tekst 11, linje 10) til tross for at det berre er snakk om ei dør, og at ho skriv <venne> (tekst 10, linje 16) i staden for <vennene>. Katarina viser altså stor forståing for bestemt og ubestemt form ved eintal, men avvik førekjem når ho opererer med fleirtal. Det at ein finn slike avvik i tekstane til Katarina kan tolkast som eit positivt teikn, fordi det viser at Katarina no har begynt å ta i bruk fleirtalsformer, og testar ut og utviklar innlærarspråket sitt vidare. Samtidig kan ein vere oppmerksom på at transfer kan vere ei årsaksforklaring for nokre av desse avvika (<dør> markerast til dømes konsekvent i fleirtal på polsk), utan at eg vil anta Katarina sitt morsmål eller vektlegge transfer utover dette.

4.2.4 Kort om utviklinga

Første år viser Katarina ein dominans av nakne substantiv, med eit par utprøvingar av ubestemt form, noko som somme stadar kan ha vore markering av talordet <en>. Det er

derfor interessant å sjå at ho gjer eit stort hopp til andre året, der ho tydleg viser at distinksjonen mellom bestemt og ubestemt form er ein del av systematikken hennar. Det førekjem likevel nokre avvik på andre året, men desse er relativt få. Avvika har til felles at referenten er situasjonsbetinga definittt. Ho viser somme tendensar til markering av etterstilte possessiv, og ingen tendensar til markering av framforstilte. På tredjeåret er utviklinga kome enda lengre, noko ein ser gjennom at så å seie alle substantivfraser i eintal får bestemtheitsbøying i samsvar med norsk, medan avvika no gjeld fleirtalsformer. Dobbel bestemtheit og etterstilte possessiv markerer Katarina også på dette tidspunktet.

4.3 Ivan

Min tredje informant har eg valt å kalle Ivan. Ivan kom til Noreg då han var elleve år gammal, og har eit morsmål innanfor språkgruppa slavisk. Han har produsert sju tekstar frå sitt første år i Noreg, seks frå sitt andre år og to frå sitt tredje år.

4.3.1 Første år

Studerer ein substantivfrasene i førsteårstekstane til Ivan, ser ein at dei i stor grad er markerte likt. Både substantivfrasar med indefinittt og definittt referanse blir i stor grad ståande nakne utan bestemtheitsbøying.

Andrus sparke **ball** til **tre** (tekst 2, linje 3/4)

Laura jeg se **ball** han hopper og han glemte **ball** (tekst 2, linje 8/9)

De går til **hus** og Jakub tar **glass** (tekst 1, linje 5)

Jeg liker **katt**. **Katt** er litt svart (tekst 7, linje 6)

Til tross for ein tydleg dominans av nakne substantiv, kan ein likevel merke seg nokre unntak. Studerer ein substantivfrasene med indefinittt referanse, finn ein to substantivfrasar som er utbygga, og som dermed skil seg frå resten; <en gutt> og <en jente>.

3 gutt og **en jente** gå på Cyrk og de se på **en gutt** han tar glass (tekst 1, linje 2/3)

En gutt og **en jente** som heter Andrus og Laura (tekst 2, linje 2)

Ved første augekast kan markeringane i døma over oppfattast som markeringar av ubestemt form. I alle tilfelle er desse dei einaste to setningane i alle dei sju tekstane der substantiv med indefinitt referanse blir markert med ein ubestemt artikkel, noko som ikkje tyder på ei stor forståing for ubestemt form generelt sett. Derfor skal ein ikkje sjå vekk ifrå at førekomstane ikkje er ei markering av ubestemt artikkel, men at Ivan her nyttar kvantoren <en> som eit talord for å skildre kor mange gitarar eller jenter det er snakk om, noko som tilfeldigvis også markerer ubestemt form.

Ein finn også døme på at substantivfrasar med definitt referanse blir markerte i bestemt form allereie på år éin. Bestemt form førekjem oftare her enn ubestemt form ved dei indefinitte substantivfrasene, men dominerer likevel ikkje i førehald til dei nakne substantiva.

Pål se det er **trollet** han løpe til **huset** (tekst 3, linje 7/8)

Per gå i **skoge** og huge **trea** (tekst 3, linje 3)

I det første dømet ser ein at Ivan legg til bestemtheitssuffikset <-et> både til substantivet <troll> og <hus>, og at bestemt form dermed blir markert i samsvar med norsk morfologi. I det andre dømet kan ein anta at Ivan forsøker å uttrykke bestemt form, ved å legge til ein <-e> til substantivet <skog> og ein <-a> til substantivet <trea>. Dette skil seg frå korleis han elles ofte let substantiv stå nakne. <Skoge> og <trea> blir ikkje nytta konsekvent, men førekjem fleire stader i teksten til Ivan, noko som kan underbygge at den ekstra vokalen er eit forsøk på markering av bestemt form og ikkje ein skrivefeil. Likevel førekjem ikkje denne markeringa ofte nok til at ein kan konkludere med at etterstilt <-e> pregar systematikken til Ivan i stor grad.

Ein kan merke seg at det i hovudsak er dei situasjonsbetinga definitive substantivfrasene Ivan gir eller forsøker gi bestemt form, og at han sjeldan markerer bestemt form når referansen er anaforisk. Dei aller fleste substantivfrasene som skulle hatt bestemt form på grunn av anaforisk referanse er markerte som nakne substantiv. I tekst 3 står substantivet <trollet> konsekvent i bestemt form gjennom heile teksten, til og med der trollet blir introdusert for første gang og referenten er indefinitt: <Far jeg ser trollet og han er veldig stor> (tekst 3, linje 4/5). Det at Ivan nyttar bestemt form her, viser at han kjenner til at ein kan bruke former som <trollet>, men uttrykker likevel ikkje ei forståing for samanhengen mellom å presentere ny informasjon ubestemt og deretter bestemt. Førekomstane av bestemt form ser ein altså ved

substantivfrasar med situasjonsbetinga definitt referanse, og først og fremst er bestemt form å finne i tekst nummer tre. Under denne teksten er det oppført at elevane har arbeida med rollespel av forteljinga i førekant av skriveoppdraget. Frekvent bruk av dei bestemte formene i rollespelet i førekant, kan derfor vere ei forklaring på den meir frekvente markeringa av bestemt form i nettopp denne teksten.

Det er **min ball** (tekst 2, linje 6)

Jeg lukter mennesker hvem huge i **min skog** (tekst 3, linje 15-16)

(...) **min mor** se på meg og far (tekst 6, linje 11)

Ein kan merke seg at Ivan ved nokre førekomstar markerer possessiv framfor kjernen, og dermed unngår å legge til bestemtheitssuffiks når referenten er definitt. Dette er ikkje nødvendigvis avvik, men det kan vere interessant å sjå om han held fram ved denne tendensen, eller om han etterkvart går over til å markere substantivfrasar med etterstilt possessiv.

4.3.2 Andre år

På andreåret ser ein framleis ein dominans av nakne substantiv hos Ivan:

Andreas sparket ballen rett på gata med **bil** (tekst 8, linje 9)

(...) men den som vinne får han **bilet** til Brasil (tekst 10, linje 12)

Men jeg har også fått fra de **gave** og min søster også (tekst 11, linje 8)

Studerer ein dei indefinite substantivfrasene på andreåret, ser fleire markeringar av ubestemte artiklar framfor kjernen som kan indikere ubestemt form, men desse er heller ikkje no svært frekvente.

En dame som se på de, ringte hun anbulanse (tekst 8, linje 14)

Når de spiller kommer **en jente** som heter Lisa (tekst 9, linje 2/3)

Noko som ikkje var til stades i førsteårstekstane, men som ein no kan sjå døme på, er at nokre av dei nakne substantiva blir utbygde med eit adjektiv framføre seg:

Han sett bak han ser **stort bison** som løpte til Harald (tekst 10, linje 18)

(...) de kjøpte på **ny butтик** første ball (tekst 8, linje 4)

Etter på jeg hørte at jeg skal gå på **ny skole** (tekst 17, linje 23/24)

Desse utbyggingane inneheld framleis ikkje ein framforstilt ubestemt artikkel for å markere ubestemt form. Likevel er denne utbygginga interessant då den samsvarar med Sørland (2010) si skildring av substantivfraseutbygging i fase tre, der frasar av typen beskrivar framfor kjernen plasserast. Dette kan vise at eleven bygger ut substantivfrasene sine til fase tre før han eventuelt seinare legg til enda eit framforstilt adledd og byrjar å markere indefinitte substantivfraser i ubestemt form. På dette tidspunktet i innlæringa førekjem markering av ubestemt form lite hos Ivan, men ein ser altså likevel utviklingar i utbygginga av substantivfrasene som kan vere ein relevant del av læringsrekkefølga når bestemtheit skal utviklast.

Markeringa av dei defintte substantivfrasene ber preg av variasjon. Likt med året før ser ein at Ivan nyttar framforstilte possessiv, og bruken av desse har auka i forhold til året før. Han skriv til dømes <hans hus> (tekst 10, linje 30), <min skole> (tekst 11, linje 22), <min mor og soster> (tekst 13, linje 3) og <min lærer> (tekst 13, linje 25). Slik viser Ivan til noko bestemt utan å ta i bruk bestemtheitssuffiks. Dette gjeld likevel ikkje alle dei defintte substantivfrasene. Ivan viser også at han kan legge til bestemtheitssuffiks, og markerer dermed somme substantivfrasar i bestemt form. Det er framleis frasane med situasjonsbetinga defintt referanse som i større grad får bestemt form i andreårstekstane til Ivan. Bestemt form ved situasjonsbetinga defintt referanse er å finne i alle andreårstekstane.

Jens syns at det ikke er så bra til å spille i **gata** (tekst 8, linje 5)

(...) som hun kjøpte i **butikk**en (tekst 9, linje 10)

En gang kom til han post at i **skogen** er løppfest (tekst 10, linje 2)

(...) har kjøpt gave for **familien** i Polen (tekst 11, linje 5)

Det er veldig vanskelig fordi de er under **sjøen** (tekst 12, linje 16)

Samtidig finn ein også døme på at frasar med situasjonsbetinga defintt referanse ikkje får bestemt form, men blir ståande som nakne substantiv. Når det gjeld substantivfrasar med anaforisk referanse er det verdt å merke seg at desse i svært liten grad får bestemt form. Likevel finn ein nokre førekomstar, til dømes i tekst 8, der referenten <bil> har blitt presentert

tidlegare, og seinare i teksten blir referert til som <bilen> i setninga <han bare løpte rett til bilen>. Det er også verdt å merke seg at Ivan nyttar dobbel bestemtheit ved to førekomstar:

De er veldig trist fordi de har ingen **ball** (...) (tekst 9, linje 7)

(...) han viett ikke at han kan sparke **dette ballen** til lastebil (tekst 9, linje 7)

(...) den som vinne får han **bilet** til Brasil (tekst 10, linje 12)

Harald er veldig glad for at han kan vinne **dette billeten** (tekst 10, linje 13)

Gjennom dette viser han ei forståing for anaforisk referanse, til tross for at ein i større grad ser at substantiv som skulle hatt bestemt form på grunn av anaforisk referanse står nakne. Dette kan vise at han byrjar å få ei forståing for distinksjonen mellom kjent og ukjent informasjon, men at denne systematikken framleis blir prøvd ut.

4.3.3 Tredje år

Etter tre år i Noreg får enda fleire av substantivfrasene med indefinitt referanse ubestemt form, og enda fleire av substantivfrasene med definitt referanse bestemt form. Dette viser ei tydeleg utvikling.

En dame som var ved siden av data sa at **billeten** tur/retur kostet 1.232 kr. (tekst 14, linje 11-12)

Bestemor og bestefar måtte vente kanskje 2 timer til at **flyet** skal komme på **flyplassen** (tekst 14, linje 25-26)

Framleis finn ein eit par nakne substantiv, til dømes <data> (tekst 14, linje 11), som ein kan sjå setninga i det øvste dømet. I leddsetninga <men dame sa> (tekst 14, linje 14) står <dame> nakent til tross for at referenten er anaforisk definitt, og <stor hest> i leddsetninga <og på venstre siden var stor hest> (tekst 14, linje 34-35) får ingen ubestemt artikkel til tross for at referenten er indefinitt. Elles er dei resterande substantivfrasene bøygde i bestemtheit.

Fråværet av nakne substantiv viser ei tydeleg utvikling i bruken av bestemtheitskategorien, samtidig som eit par avvik viser at Ivan framleis er i ein fase der han prøver ut bestemtheit.

Ein kan også merke seg at ein finn færre dømer på at Ivan markerer at noko er bestemt ved å setje eit possessiv framfor kjernen, slik ein såg i første- og andreårstekstane. Ein finn berre to døme på dette i tredjeårstekstane; <*hans mor og far*> (tekst 15, linje 6) og <*sine familier*> (tekst 15, linje 9). I andreårstekstane kunne det verke som om denne typen formulering tok over for bruken av bestemtheitssuffiks for å markere bestemt form. I og med at possessiv framfor nakent substantiv opptre sjeldnare i tredjeårstekstane, verkar det som om denne overproduksjonen ikkje er dominerande for eleven lenger. Samtidig er det viktig å få fram at etterstilte possessiv heller ikkje førekjem i stor grad i desse elevtekstane, så det at etterstilte possessiv har tatt over for dei framforstilte kan ein ikkje fastslå. I tekst 15 kan ein sjå at eleven nyttar frasen <*min favoritt boken*> (tekst 15, linje 3), og til tross for at frasen ikkje treng både possessiv og bestemtheitssuffiks for å markere bestemt form, kan dette vise at eleven har byrja å fokusere meir på bestemtheitssuffiks framfor å skrive <*min favoritt bok*>. Derfor kan dette vere eit teikn på utvikling. Ein ser likevel ikkje fleire døme på liknande overproduksjonar. Ein ser eit par markeringar av dobbel bestemtheit, til dømes <*denne boken*> (tekst 15, linje 4), men Ivan markerer også frasar som <*den største skog*> (tekst 14, linje 4) med enkel bestemtheit.

4.3.4 Kort om utviklinga

På første året har Ivan svært lite bestemtheitsbøying ved substantivfrasane sine. Ein finn førekomstar med talord framfor kjernen, som kan likne ubestemt form, men som ikkje blir tolka som uttrykk for bestemtheit. Førsteårstekstane inneheld også somme definitte markeringar, men med framforstilt possessiv, og dermed ingen bruk av bestemtheitssuffiks. Den same tendensen ser ein andreåret, men her prøver eleven i større grad ut bestemt og ubestemt form. Markering med framforstilte possessiv ser ein framleis. Tredje året verkar det som om bestemt og ubestemt form byrjar å kome på plass i større grad, framleis med nokre avvik. Dei framforstilte possessiva er færre, og etterstilte possessiv blir markert, men ikkje i stor grad.

4.4 Sabrina

Min fjerde informant har eg valt å kalle Sabrina. Sabrina har eit morsmål som kan plasserast innanfor språkgruppa semittisk. Ho kom til Noreg då ho var elleve år gammal, og har produsert tretten elevtekstar til korpuset dei første tre åra i innlæringa si; seks frå første året, tre frå andre året og fire frå tredje året.

4.4.1 Første år

I førsteårstekstane til Sabrina ser ein at nakne substantiv tydeleg pregar tekst éin, der substantivet <tre> blir nytta frekvent utan verken ubestemt artikkel for å markere ubestemt form eller bestemtheitssuffiks for å markere bestemt form.

En fint Lørdag Markus sa at han har list til å klatrer **tre** (...) (tekst 1, linje 2-3)

Så Markus klatret opp på **tre** (tekst 1, linje 7)

Studerer ein tekst éin aleine kan det verke som at Sabrina frekvent bruker nakne substantiv og ikkje har utvikla ein systematikk for bestemtheit enda. Ved å studere dei resterande førsteårstekstane til Sabrina ser ein at ein dominans av avvik i form av nakne substantiv likevel ikkje er tilfellet. I tillegg til nakne substantiv, nyttar Sabrina både ubestemt artikkel for å markere ubestemt form og bestemtheitssuffiks for å markere bestemt form, dette i større grad enn ein gjerne kunne forventast såpass tidleg i innlæringa. Til tross for at nakne substantiv førekjem i førsteårstekstane til Sabrina har ho samla sett relativt få av dei. I og med at innlærarspråket er under utvikling og framleis prega av variasjon, er det naturleg at nakne substantiv førekjem til tross for at ein kan anta at Sabrina ikkje er på første stadium i utviklinga lenger.

Ein ser at Sabrina i stor grad markerer indefinite substantivfraser i ubestemt form med ubestemt artikkel. Den ubestemte artikkelen <en> er lik talordet <en>, og ei utbygging med <en> framfor kjernen treng derfor ikkje nødvendigvis tyde på bevisst markering av ubestemt form. Hos Sabrina er det derimot grunnlag for å tenke at ho markerer ubestemt form bevisst:

Jeg liker best til å svømme på **en innsjø** (tekst 6, linje 4-5)

I dømet over er det utifrå konteksten usannsynleg at eleven forsøker uttrykke at ho berre liker å svømme i éin innsjø. Meir sannsynleg er det at ho bevisst presenterer noko som mottakaren ikkje blir venta å kunne identifisere. I alle dei sju førsteårstekstane finn ein indefinite substantivfrasar der kvantoren <en> blir sett framfor substantiv. Det er ikkje sikkert om eleven nyttar kvantoren som talord eller ubestemt artikkel, men ein finn fleire førekomstar der det sistnemnde verkar sannsynleg:

Den gamle bonden hadde **en skog** (tekst 2, linje 3-4)

En troll kom (...) (tekst 2, linje 8)

Det er **en sang** som jeg liker (tekst 5, linje 6)

Ein ser altså at Sabrina nyttar ubestemt artikkel framføre substantiv allereie første året i utviklinga. I tillegg kan ein finne utbyggingar med adjektiv i nokre av dei indefinite substantivfrasene, noko Axelsson (1994) plasserer i si tredje og siste utviklingsfase:

Den langhus hadde **et stort rom** og **en liten rom** (tekst 4, linje 5)

Jeg bygge **et fin hus** til henne (tekst 7, linje 12-13)

Det er relativt få av desse utbyggingane. Likevel underbygger det at ho har byrja å bygge ut substantivfrasene sine på denne måten at ho har kome eit godt stykke i bestemtheitsutviklinga allereie. For å tolke om Sabrina i stor eller mindre grad markerer bestemtheit utprøvande, er det hensiktsmessig å sjå den indefinite markeringa i samanheng med markeringa av definte substantivfrasar. Som nemnt inneheld førsteårstekstane også ein del avvik av typen nakne substantiv, og det kan vere interessant å sjå nærare på i kva tilfelle desse avvika opptrer. Ein kan merke seg at det oftare er i substantivfraser der referenten er anaforisk definnitt at nakne substantiv blir nytta.

En troll kom og (...) (tekst 2, linje 8)

Pål gikk og i en stund **troll** komme (tekst 2, linje 14)

Til tross for at somme anaforisk definte substantivfraser får bestemt form er dette likevel ikkje ein svært utbreidd tendens hos Sabrina. I tekst 6 kan ein til dømes merke seg at eleven presenterer <en innsjø> (tekst 6, linje 5) indefinnitt, for så å skrive <det er veldig stille på innsjø> (tekst 6, linje 5) i neste setning, utan at <innsjø> får bestemt form når referenten er

kjent. Dette ser ein også i tekst 2, der Sabrina markerer den defintte referenten < troll > i bestemt form somme stader og nakent andre stader. Ein kan med andre ord sjå det slik at Sabrina ikkje uttrykker forståing for anaforisk referanse i stor grad på dette tidspunktet. Det er likevel verdt å merke seg at det også her finst unntak. Ein finn også fleire førekomstar der Sabrina markerer bestemt form ved anaforisk referanse, til dømes < Når sirkusen var ferdig > (tekst 3, linje 6) der < sirkusen > får bestemtheitssuffiks når referenten allereie er kjent. Samtidig viser den generelle inkonsekvensen ved anaforiske substantivfrasar at distinksjonen mellom kjent og ukjent informasjon ikkje er heilt automatisert enda.

Bruken av bestemtheitssuffiks for å markere bestemt form førekjem likevel ikkje sjeldan, tvert imot viser Sabrina mange døme på bruk av bestemt form, men det er substantivfrasene med situasjonsbetinga defintt referanse som oftast får bestemt form i førsteårstekstane hennar.

Det er bra for **kroppen** (tekst 6, linje 3)

Askeladden sa at han må skjøre et hull i **magen** (tekst 2, linje 35)

En fint lørdag Christofer og Mateuz gikk til sirkus og den beste ting de så var **klovn** (tekst 3, linje 2-3)

(...) men hun liker å gå på **parken** (tekst 7, linje 13)

Det at substantivfrasene med situasjonsbetinga defintt referanse i større grad får bestemt form samanlikna med dei anaforisk defintte frasene kan tyde på at det for Sabrina ikkje er like utfordrande å memorere visse bestemte former som å forstå den anaforiske koplinga. Å meistre bestemt form ved anaforisk referanse krev at innlæraren utformar ei forståing for kva det vil seie at informasjonen er ny for mottakaren og kva det vil seie at informasjonen er kjent. Dette kan verke logisk for målspråksbrukarar, men er ikkje nødvendigvis naturleg dersom ein ikkje kjenner til tendensen. Det er naturleg at det å utvikle ei slik forståing for somme innlærarar tek lengre tid enn det å ta i bruk bestemt form ved situasjonsbetinga defintte substantiv.

I førsteårstekstane til Sabrina ser ein også avvik i form av bestemmar framfor kjernen utan at kjernen får bestemtheitssuffiks. Dette ser ein spesielt døme på i tekst 4:

Den langhus hadde to rom (tekst 4, linje 4-5)

Odin hadde en hest og **denne hest** hadde åtte bein (tekst 4, linje 12)

Vikingene bodde i **den stort rom** (tekst 4, linje 6)

Gjennom ei slik markering viser Sabrina ei forståing for at referenten er definitt. Ein ser tydeleg at Sabrina forsøker å vise til noko bestemt. Demonstrativet <den> blir lagt til framføre <langhus> istadenfor eit bestemtheitssuffiks på kjernen, <langhuset>, likevel er det tydeleg at eleven er bevisst på at ho refererer til eit visst hus. Ein kan også sjå det slik at døma viser eit frávær av dobbel bestemtheit, i og med at kjernane i substantivfrasane ikkje får bestemt form. Likevel er det tydeleg at Sabrina bevisst forsøker vise til noko bestemt når ho nyttar <den> og <denne> framfor dei ubøygde kjernane. Det kan vere interessant å sjå om Sabrina held fram med å markere defintite substantivfraser på denne måten dei to neste åra, eller om språkbruken endrar seg. I og med at avvik av denne typen ikkje er forventa i aller første fase av innlæringa (Sørland, 2010), underbygger avvika at Sabrina er på god veg i utviklinga.

Eit anna trekk som ein kan merke seg er at Sabrina i stor grad markerer possessiv framforstilt i førsteårstekstane sine. Istadenfor å nytte bestemtheitssuffiks legg Sabrina altså ofte til eit possessiv framføre substantivet, og viser dermed til noko bestemt utan at ho treng å bøye substantivet i bestemt form:

(...) så han sporte **hans søster** (tekst 1, linje 4)

Hvem hugger i **min skog** (tekst 2, linje 10)

Jeg tror **hennes beste film** heter (...) (linje 4)

Den andre ting jeg liker å gjøre er til å skrive forteller fra **min hode** (tekst 6, linje 8)

Min hund var en dalmation hund (tekst 7, linje 3)

Jeg putte finne ting på **hennes hår** (tekst 7, linje 11)

Dei framforstilte possessiva førekjem relativt ofte. Sjølv om formuleringar som i døma over fungerer, er bruken av bestemtheitssuffiks for å markere definittheit meir utbreidd i målspråket, og den overdrivne bruken av framforstilte possessiv kan derfor vere ei typisk forenkling i innlærarspråket til Sabrina. Samtidig har ho vist at ho også kan nytte bestemtheitssuffiks i stor grad, og ein kan i tillegg merke seg fire førekomstar der possessiva derimot er etterstilte; <sekken sin> (tekst 2, linje 39), <hammeren sin> (tekst 4, linje 16), <båten sin> (tekst 4, linje 25) og <livet mitt> (tekst 5, linje 5-6). I Sabrina sine førsteårstekstar finn ein både framforstilte og etterstilte possessiv, men fleire framforstilte enn etterstilte. Det kan vere interessant å sjå om Sabrina i andre- og tredjeårstekstane sine byrjar å i hovudsak

plassere possessiv etter substantiv i bestemt form, eller om ho held fram med dei framforstilte possessiva.

4.4.2 Andre år

Etter to år i Noreg ser ein at talet på nakne substantiv der det ville vore naturleg å markere bestemt eller ubestemt form har gått ned hos Sabrina. Ein kan framleis finne nokre førekomstar av denne typen avvik, til dømes står både <pinne> (tekst 9, linje 32) og <konduktør> (tekst 9, linje 56) ubøygd utan bestemtheitssuffiks, men slike avvik er færre samanlikna med året før. Likevel bør ein merke seg at Sabrina framleis nyttar nakne substantiv no og då.

Markus sa «se **stein** på **toglinje**» (tekst 9, linje 8)

I dømet over har <stein> indefinitt referanse og skulle fått den ubestemte artikkelen <en> framfor seg. Til tross for eit par slike avvik får substantivfrasene med indefinitt referanse i andreårstekstane til Sabrina i stor grad ubestemt form og blir markerte med ein ubestemt artikkel framføre kjernen. I og med at innlærarspråket framleis er i utvikling er eit par avvik naturleg. Det at ho i stor grad meistrar å markere ubestemt form, men likevel har eit par avvik, verkar forholdsvis likt året før.

Når det gjeld dei definitte substantivfrasene ser ein ikkje lenger at bestemt form berre blir brukt ved substantivfraser med situasjonsbetinga definitt referanse. Substantivfraser som er definitte på grunn av anaforisk referanse ser også ut til å få bestemt form i andreårstekstane til Sabrina. Dette viser ei utvikling frå året før, og understrekar at ho på dette tidspunktet har byrja å utvikle ein systematikk for presentasjon av indefinitte referentar i ubestemt form og definitte referentar i bestemt form.

Det er **en tog** som kommer vi må stoppe den hvis ikke så skal den krasje i steinen og alle sammen i **toget** skal dø (tekst 9, linje 13)

Dømet over er eit tydeleg døme på riktig bestemtheitsbøying ved anaforisk referanse. Sjølv om ein samla sett ser ei auking i bestemt form ved anaforisk referanse finn ein likevel framleis avvik, men det er relativt få av desse avvika samanlikna med året før. I tekst 8 ser ein

at Sabrina presenterer <en gammel mann> for så i neste setning referere til <den gammel man> (tekst 8, linje 15). Dette er eit av dei svært få avvika når det gjeld bestemt form, men kan likevel trekkast fram fordi det viser den same tendensen som ein såg i førsteårstekstane, med bruk av bestemmaren <den> framfor ein beskrivar og ei ubøygd kjerne for å markere bestemtheit. Det er verdt å påpeike at dette er det einaste dømet ein kan finne på dette, og at Sabrina ved to andre førekomstar markerer dobbel bestemtheit korrekt; <Den korteste veien> (tekst 10, linje 19) og <De tre skipene> (tekst 10, linje 29). Fordi ein ikkje finn mange førekomstar er det usikkert i kor stor grad Sabrina har tileigna seg korrekt bestemtheitsbøying i slike utbygga substantivfrasar.

Når det gjeld bruken av possessiv framføre kjernen finn ein framleis døme på dette, men også her har bruken gått ned i forhold til året før. Ein finn to døme i løpet av andreårstekstane der Sabrina nyttar framforstilt possessiv; <sin far> (tekst 10, linje 12) og <sin plan> (tekst 10, linje 21). Til tross for dette ser ein ei auking i bruken av etterstilte possessiv.

På en fint sommerdag Peter, John og tom gikk til sentrum med **foreldrene sine** (tekst 8, linje 2-3)

De løp fort tilbake og heng **t-skjortene sine** på pinne (tekst 9, linje 31)

Mens de holdt **pinnene sine** (...) (tekst 9, linje 32)

I 1470 Christofer Columbus flyttet med **familien sin** til Spania (tekst 10, linje 11-12)

Samanlikna med året før er det enda fleire etterstilte possessiv i forhold til framforstilte etter to år.

4.4.3 Tredje år

Etter tre år i Noreg nyttar ikkje Sabrina nakne substantiv i staden for bestemt eller ubestemt form lenger. Det å uttrykke bestemt form ved å legge til bestemmaren <den> framfor ei ubøygd kjerne ser heller ikkje Sabrina ut til å gjere lenger. Det einaste avviket å finne er i tekst 14, der ho skriv <denne job> (tekst 14, linje 27). Elles er bestemtheitsmarkeringa svært samsvarande med norsk morfologi.

Henriette og Tone skulle bake **en kake** til **moren deres**. De lånte **en kakebok** fra **en venn**, kjøpte **ingrediensene** og begynte å bake **kaken** (tekst 11, linje 2-4)

Alle dei resterande definnitte substantivfrasene er markerte i bestemt form, både når det gjeld substantivfrasar som er definnitte på grunn av situasjonsbetinga og anaforisk referanse. Det same gjeld substantivfraser med indefinitt referanse, alle desse er markerte i ubestemt form med ubestemt artikkel framfor kjernen. I tillegg kan ein merke seg at Sabrina i større grad byrjar å bygge ut substantivfrasene sine med ledd etter kjernen.

Hun har **en genial søster som er 7 år** (tekst 13, linje 12-13)

Substantivfrasa i dømet over er betydeleg meir utbygga enn det ein kunne finne i førsteårstekstane til Sabrina. Ein ser med andre ord ein samanheng mellom godt utvikla bestemtheitsbøying og substantivfraseutvikling med tyngre ledd etter kjernen.

Ein kan også merke seg at ein ikkje lenger finn framforstilte possessiv. Her bør det likevel nemnast at tredjeårstekstane ikkje inneheld mange substantivfrasar med etterstilte possessiv heller, noko som gir lite grunnlag for å trekke ein konklusjon om korleis Sabrina nyttar possessiv på dette tidspunktet. Likevel ser ein at dei gongane possessiv blir nytta, blir possessivet plassert etter kjernen i bestemt form; <foreldrene hennes> (tekst 13, linje 6), <tiden min> (tekst 14, linje 28), <sønnen min> (tekst 12, linje 14).

4.4.4 Kort om utviklinga

Førsteårstekstane til Sabrina viser ein tydeleg utprøvande variasjon, med både nakne substantiv og markering av bestemt og ubestemt form. Ein finn også avvik i form av demonstrativ framfor ubøygde kjerne, og mange førekomstar av framforstilte possessiv. På første året er det substantiva med anaforisk definnitt referanse Sabrina oftast let stå som nakne substantiv. Andre året viser tekstane også ein utprøvande variasjon, men færre substantiv er no nakne. Ein skilnad er at Sabrina no byrjar markere bestemt form ved anaforisk referanse i større grad. Ein ser også på andre året færre markeringar av typen <den bil> og <min mor>. Tredje året er dei nakne substantiva så godt som fråverande, og bestemtheitsbøyinga i stor grad samsvarande med norsk morfologi. Ho har få førekomstar av possessive substantivfrasar, men der slike førekjem, er possessiva no etterstilte.

4.5 Luka

Den siste informanten i mitt materiale har fått pseudonymet Luka. Luka har eit søraust-asiatisk morsmål, og kom til Noreg då han var 10 år gammal. Til saman har Luka produsert 14 elevtekstar i løpet av dei tre første åra; seks frå første år, fem frå andre år og tre frå tredje år. Det er verdt å nemne at Luka sine tekstar var kortare enn tekstane til førre informant, og at gjennomgangen av Luka si markering derfor ikkje er like lang.

4.5.1 Første år

Førsteårstekstane til Luka er prega av enkelheit, og ein ser ingen teikn til bestemt form i dei seks tekstane. Mange av substantiva blir markerte som nakne substantiv, og dermed repetert i same form:

Hund kan løpe **hund** kan går **hund** kan spise (tekst 4, linje 2/3/4).

Papegøye er fin fjær **papegøye** kan fly **papegøye** er så søt (tekst 5, linje 2/3/4)

Relativt frekvent nyttar Luka også ubestemt artikkel, men denne bruken er på ingen måte konsekvent i tekstane hans. Det kan vere interessant å merke seg at dei stadene Luka markerer indefinitte referantar med artikkelen <en> framfor kjernen, og dermed gir substantiva ubestemt form, er i setningane som byrjar med <jeg ser>.

Jeg ser **en katt** (tekst 1, linje 4)

Jeg ser **en sommerfugl** (tekst 1, linje 5)

Jeg ser **en tinger** (tekst 3, linje 5)

Setningane som byrjar med <jeg ser> får altså ein framforstilt kvantor, men alle andre substantiv med indefinit referanse får ikkje det. Dette kan ein tolke på ulike måtar. Enten kan <jeg ser en> vere ein frase Luka har memorert fordi den blir frekvent brukt i det norske språket, eller så er det er slik Luka har lært å svare på spørsmålet «kva ser du?». Ei tredje tolking er at Luka nyttar <en> som eit talord for å vise til kor mange eksempelvis kattar, sommarfuglar eller tigrar han ser. Markeringa tyder med andre ord ikkje nødvendigvis på ei bevisst markering av ubestemt form.

Ingen av substantiva med definit referanse får bestemt form i dei seks tekstane. Til dømes presenterer Luka <katt> (tekst 3, linje 8) i ein av tekstane sine, for så å seinare i teksten referere til den som <kat> (tekst 3, linje 10). På dette tidspunktet i innlæringa skil Luka altså ikkje mellom bestemt og ubestemt form i systematikken sin.

4.5.2 Andre år

På andre året kan ein merke seg at Luka byrjar å markere bestemtheit noko meir enn første året. Dei definitive substantivfrasene er ikkje lenger alle nakne substantiv, men blir no forsøkt gitt bestemt form ved fleire førekomstar. Til dømes kan ein sjå at Luka i tekst sju presenterer <katt> (tekst 7, linje 1) for så å referere til katten som <katte> (tekst 7, linje 2) i neste setning. Denne markeringa samsvarar ikkje med norsk morfologi, men kan likevel tolkast som eit uttrykk for bestemt form. Å legge til ein etterstilt <-e> som dette ser ein også andre stader, til dømes skriv Luka <min venne> (tekst 7, linje 12). Luka kan på dette tidspunktet ha laga seg ein systematikk om at <-e> på slutten av ordet er éin av måtane å markere bestemt form på. Likevel er det verdt å merke seg at denne markeringa ikkje førekjem svært frekvent, og at andre typar markeringar for å uttrykke bestemt form også førekjem.

Mamma kan vi går og ser på Ellefant ok pappa ser på **den lille Elenfant** (tekst 8, linje 2-3)

I tekst 8 presenterer Luka referenten <Ellefant> (tekst 8, linje 3) for så å omtale referenten som <den lille Elenfant> (tekst 8, linje 3). Det at Luka tek i bruk demonstrativet <den> kan bli tolka som at han bevisst forsøker markere at det er snakk om ein bestemt, kjent referent. Til tross for at markeringa er eit avvik, viser ho samtidig at Luka no har byrja forsøke markere bestemt form, noko som igjen kan bety at han er i ferd med å utvikle ei større forståing for bestemtheit.

Samla sett er andreårstekstane til Luka i stor grad prega av utprøvande variasjon. Dette ser ein til dømes tydeleg i tekst ni, der Luka markerer både bestemt og ubestemt form, men ikkje konsekvent. Til dømes skriv han <gutten> (tekst 9, linje 2) i bestemt form ein stad, men <gutt> (tekst 9, linje 7) seinare. Det same gjeld når <en bøtte> (tekst 9, linje 2) blir til <bøtten> (tekst 9, linje 4) ein stad, men <bøtte> (tekst 9, linje 3) andre stader i same tekst. Avvik i form av nakne substantiv førekjem framleis relativt ofte.

Ein ser også at Luka skriv *<min mor>* ein stad, og *<dukke min>* ein annan. Det verkar ikkje som om anten framforstilte eller etterstilte possessiv dominerer i systematikken hans. Når det gjeld dei definte substantivfrasene finn ein alt i alt nakne substantiv der referenten er anaforisk oftare enn ved situasjonsbetinga referanse, men begge kategoriar fører med seg utprøvingar og inkonsekvens, og skilnaden er ikkje stor, så dette kan vere tilfeldig. Ein ser med andre ord ikkje ein tydeleg systematikk rundt kva type substantivfraser Luka framleis let vere å gi bestemtheitsbøying, men kan generelt kategorisere bestemtheitsmarkeringa på andreåret som utprøvande.

4.5.3 Tredje år

Tekstane etter tre år i Noreg inneheld enda fleire markeringar av bestemt og ubestemt form. Nesten alle substantiva med defintt referanse er no markerte med bestemt form i alle tekstane.

Og Lise hadde **en sprttball** (tekst 13, linje 3)

Lise: Biff tok **ballen min** og løpt (...) Hvor er **ballen**? (tekst 13, linje 17-20)

Ein ser at Luka på tredje året konsekvent gir bestemt form der referenten er anaforisk. Til dømes presenterer han *<en sprttball>* i setninga *<Og Lise hadde en sprttball>* (tekst 13, linje 3) for så å markere bestemt form når referenten blir defintt seinare i teksten; *<Etterop tokk Biff ballen til Lise>* (tekst 13, linje 9). Han gir også bestemt form der referansen er situasjonsbetinga:

Jeg pleir å svømme i **sentral badet** og noen gang i **sjøen** (tekst 14, linje 8-9)

Det einaste avviket som er å finne ved dei definte substantivfrasene, er *<alle gutten>* (tekst 14, linje 14-15). Luka har tidlegare operert lite med fleirtalsformer, og det er naturleg at han i sin systematikk tenker at han har gitt frasen bestemt form fleirtal. Dette fordi han både har vist til fleirtal ved å sette bestemmaren *<alle>* framfor kjernen, og lagt til bestemtheitssuffikset *<-en>* til kjernen, slik han elles markerer bestemt form ved eintalsformer. Avviket skyldast i denne samanhengen altså utprøving av bestemt form fleirtal, og ikkje mangelfull forståing for bestemtheit.

Det var en gang at **skilpadden** og **haren** skulle løpe kapløp (tekst 12, linje 2-3)

I tekst 12 får <haren> og <skilpadden> bestemt form gjennom heile teksten, sjølv når substantiva blir presenterte innleiingsvis. Dette kan henge saman med at eventyret som eleven skulle skrive allereie har tittelen <Skilpadden og haren>, og at karakterane i eventyr blir omtala i bestemt form frekvent. Dermed er det naturleg at eleven tenker at referentane er kjente, og at han derfor markerer bestemt form også innleiingsvis.

Ein kan merke seg at avvik av typen <den elefant> ikkje førekjem i tredjeårstekstane. Derimot kan ein merke seg ei utbygging med adjektiv i substantivfrasen; <Den vanligste aktiviteten> (tekst 14, linje 16). Luka skriv også <ballen min> (tekst 13, linje 12, linje 17) og <fotball laget mitt> (tekst 14, linje 14) med etterstilt possessiv.

4.5.4 Kort om utviklinga

Luka viser ei tydelig utvikling frå dominans av nakne substantiv første året, utprøvande variasjon av bestemt og ubestemt form andre året, og færre avvik og meir korrekt markering i bestemt og ubestemt form tredje året. Andre året markerer han etterhengt <-e> på kjernen og demonstrativet <den> framfor kjernen somme stader, truleg som forsøk på bestemt form. Referansetype ser ikkje ut til å spele ei avgjerande rolle for tileigninga hos Luka på andre året. Tredje året markerer han bestemt og ubestemt form i stor grad, og viser døme på bestemt form også når frasen inneheld etterstilte possessiv.

5.0 Samanlikning og drøfting

I dette kapitelet vil relevante funn frå analysen bli trekt fram og drøfta. Utviklinga til informantane vil her ikkje bli omtala kvar for seg, men samla sett. Til grunn for kapittelet ligg forskingsspørsmål to og tre:

- 2) Kva slags fellestrekk førekjem ved utviklingsløpa til elevane seg imellom?
- 3) Kva slags variasjonar førekjem ved utviklingsløpa til elevane seg imellom?

Fordi det er naturleg å drøfte fellestrekk og variasjonar om kvarandre, vil ikkje forskingsspørsmåla bli gitt kvar sitt delkapittel, men vil bli drøfta samla. I første delkapittel drøfter eg fellestrekk og variasjonar ved utviklingsløpa til elevane på eit overordna plan, og presenterer tre fasar som utviklingsløpa til elevane ser ut til å bevege seg over. Vidare trekk eg fram utvalde fellestrekk og variasjonar ved bestemtheitsmarkeringa til elevane innanfor kvar av dei tre presenterte fasane.

5.1 Fellestrekk og variasjonar på eit overordna plan

Når ein skal løfte fram fellestrekk ved utviklingsløpa til elevane seg imellom, er det først relevant å understreke følgande: I forhold til kvarandre er dei fem informantane på ulike stadium i bestemtheitsutviklinga. Det er med andre ord tydeleg at elevane ikkje startar og endar likt i utviklinga i løpet av dei tre åra. Fleire av elevane har ei minimal bestemtheitsmarkering første året, medan somme markerer bestemtheit i større grad allereie på år éin. Denne variasjonen samsvarar med det ein veit om innlærarspråk frå tidlegare forskning; innlærarspråk varierer seg imellom og utviklar seg i individuelle tempo. Dei tydlege variasjonane mellom elevane når det gjeld læringstempo underbygger dette. Samtidig underbygger mine funn også at innlærarspråk følger faste utviklingstrinn. Til tross for variasjon mellom elevane når det gjeld kor langt dei har kome i utviklinga, ser ein altså tydlege fellestrekk ved måten bestemtheitsmarkeringa utviklar seg på.

Det er kjent at lite bøyingsmorfologi dominerer tidleg i utviklinga av innlærarspråk (Axelsson, 1994; Berggreen mfl., 2012; Ellis, 1994; Gujord, 2023). Gjennom å studere den tidlege bestemtheitsmarkeringa til dei fem informantane, ser ein at dette kjem til uttrykk gjennom at substantiva blir ståande som nakne substantiv når det gjeld bestemtheitskategorien. Berggreen mfl. (2012) skildrar norskutviklinga gjennom ein første

fase med blant anna fråverande bøyingsmorfologi, ein andre fase med utprøvande variasjon, ein tredje fase med meistring av språkleg systematikk i grove trekk, og ein fjerde fase med jamaldringslikt norsk. I samsvar med dei tre første av Berggreen mfl. (2012) sine generelle utviklingsfasar, kan ein på eit overordna plan sjå ein tendens til følgande utviklingsløp hos mine informantar når det gjeld utvikling av bestemtheitskategorien:

- 1) Dominans av avvik i form av nakne substantiv
- 2) Utprøvande og inkonsekvent markering av bestemt og ubestemt form
- 3) I større grad markering av bestemt og ubestemt form i samsvar med norsk morfologi

Eg vel å omtale desse tre hovudtendensane ved bestemtheitsmarkeringa til informantane som tre fasar, og understrekar at fasane har glidande overgangar. Plasserer ein informantane mine si utvikling innanfor desse tre fasane, vil dei fordele seg slik:

Tabell 3: Informantane si utvikling over tre år etter fasar for bestemtheitsutvikling

	Første år	Andre år	Tredje år
Tim	Fase 1	Fase 2	Fase 3
Katarina	Fase 1-2	Fase 2-3	Fase 3
Ivan	Fase 1	Fase 1-2	Fase 2-3
Sabrina	Fase 2	Fase 3	Fase 3
Luka	Fase 1	Fase 1-2	Fase 3

Ein kan merke seg at utviklingsløpa er ulike. Til dømes passar Tim si utvikling med dei tre fasane år for år, medan Sabrina ikkje eingong er innom fase éin. På sitt første år i utviklinga byrjar ho derimot rett på ei utprøving av bestemtheitsmarkering, før ho litt etter litt utviklar seg til å få på plass ei meir korrekt markering av bestemt og ubestemt form. Siste året står bestemtheitsmarkeringa fram som svært målpråkslik. Til dømes har ho bestemtheitsbøying også i meir komplekse, utbygga substantivfrasar, samsvarande med Sørland (2010) si femte fase for substantivfraseutvikling. Det er med andre ord tydeleg at ho har utvikla språket i stor grad. I skilnad frå Berggreen mfl. (2012), som også opererer med ei fjerde fase, *mot jamaldringslik norsk*, vel eg å ikkje inkludere ei fjerde fase kategorisert med målpråkslik

markering. Eg grunngir dette valet med at så å seie målspråksslik markering berre var å sjå hos éin informant, og vel heller å la fase tre også romme denne markeringa.

Det at Sabrina byrjar rett på fase to samsvarar med det Berggreen mfl. (2012, s. 47) legg fram om at somme elevar startar lengre ute i utviklinga, noko som kan henge saman med positiv transfer. I og med at denne studien ikkje vektlegg tverspråkleg påverknad, vil eg først og fremst løfte fram tilfellet som noko som understrekar eit varierende læringstempo mellom informantane. I den motsette enden ser ein at Ivan og Luka bruker ekstra lang tid i fase éin, og har med andre ord eit seinare læringstempo. Til tross for variasjonar i læringstempo, er det likevel tydeleg at rekkefølga på dei tre fasane er felles for alle informantane. Det er ingen informantar som gjennomgår fasane i motsett rekkefølge, altså at dei til dømes går frå fase tre til fase éin, i løpet av dei tre åra. Det er heller ingen som går frå fase éin til fase tre utan å vere innom fase to med kriteriet om utprøvande og inkonsekvent markering. Dette underbygger det at variasjon og utprøving er ein nødvendig del av språktileigningsprosessen i seg sjølv (Ellis, 2008; Gablasova, 2020). Inkonsekvens og utprøving ser eg hos alle informantar før markeringa eventuelt blir meir konsekvent.

Det er likevel viktig å påpeike at det ikkje er slik at nakne substantiv eller utprøvande tendensar ikkje opptre i det heile tatt på seinare tidspunkt i utviklinga. Tvert i mot ser ein tydelege teikn til at dette skjer. Til dømes viser både Katarina og Luka at dei har utvikla bestemtheitsbøying i eintal i stor grad på tredjeåret, men markerer avvik når dei no også byrjar prøve ut bestemt og ubestemt form fleirtal. Etter kvart som språket utviklar seg, og elevane når nye trinn i tileigninga, vil dei igjen måtte prøve ut nye hypotesar før dei også tileignar seg fleirtalsformene. Dette underbygger Gujord (2023) sitt framlegg om ikkje-lineær utvikling, og avvik som naturleg etterkvart som innlærarar utviklar meir kunnskap og vil prøve ut nye trekk. Ein kan sjå utprøving og inkonsekvens primært ved fleirtalsformer som eit positivt teikn på at Katarina og Luka har kome såpass langt i bestemtheitsutviklinga at slike avvik førekjem.

I tillegg ser ein at bestemtheitsavvik noko tilfeldig dukkar opp også når elevane i stor grad markerer bestemtheit i samsvar med norsk morfologi, og elles kan plasserast i fase tre. Bestemtheitsavvik førekjem på tredjeåret hos alle elevane, til og med hos Sabrina, som generelt viser svært målspråksslik bestemtheitsmarkering. Berggreen mfl. (2012) legg i sin omtale av fasa *mot jamnaldningslikt norsk* fram at avvik vil førekomme til tross for at språket etterkvart blir så å seie målspråksslikt. Dette understrekar at språklæringsprosessen er svært

kompleks, og at det er unaturleg å anta at ein elev skal gå frå å ikkje markere bestemtheit i det heile til å markere alt korrekt. Også De Boot og Larsen-Freeman (2011, s. 12) vektlegg dette ved å understreke at innlæringa ikkje er lineær, og sjølv om eg presenterer ei førehaldsvis lineær utvikling gjennom dei tre fasane, er det viktig å understreke at ein i utviklinga til kvar enkelt elev fann at avvik og inkonsekvens til ei viss grad førekom på alle steg i utviklinga. På ei anna side bør ein ikkje undergrave dei tydelege og relevante fellestendensane ved samtlege informantar si utvikling: Nakne substantiv blir færre av over tid, og utprøving og inkonsekvent markering tek stad før målspråkslik markering av bestemt og ubestemt form byrjar å dominere.

5.2 Fellestrekk og variasjonar fase éin

Kriteriet mitt for å plassere informantane i fase éin er ein dominans av nakne substantiv. Eit fellestrekk mellom innlærarspråka i fase éin er altså at kjernen i stor grad står aleine utan bestemtheitsmarkering. Likevel finn ein somme utbyggingar av typen <en katt>, som ved første augekast kan oppfattast som markering av ubestemt form. På grunn av den tydelege dominansen av nakne substantiv ved dei resterande indefinitte frasane, oppfattast det unaturleg at desse førekomstane er uttrykk for ubestemt form.

5.2.1 Ubestemt artikkel, talord eller formular?

Ei tolking er at førekomstane er ei markering av talordet <en>. Denne tolkinga kan sjåast i samanheng med utviklingsstadia til Axelsson (1994), som plasserer fleirtalsformer utbygga med talord saman med nakne substantiv i sitt første utviklingsstadium. Bestemt og ubestemt form eintal plasserer ho derimot i neste utviklingsstadium. Ifølge henne blir altså substantivfrasar utbygga med talord tileigna før substantivfrasar utbygga med ubestemt artikkel, noko som underbygger ei tolking av <en> som eit talord så pass tidleg i utviklinga. Hadde ein derimot sett at Katarina og Luka i stor grad markerte og prøvde ut bestemt form i tillegg, ville ein i større grad kunne anteke førekomstane som eit uttrykk for utprøving av ubestemt form. Når dette ikkje er tilfellet verkar det logisk at førekomstane er uttrykk for tal, spesielt når ein veit at talbøying tileignast før bestemtheitsbøying i innlæring av norsk som andrespråk, noko til dømes Berggreen mfl. (2012) påpeiker. Eg legg derfor fram ei antaking om at dersom ein tidleg i utviklinga ser ei tilsynelatande markering av ubestemt, men ikkje bestemt form, kan ei årsaksforklaring vere markering av talordet éin.

Samtidig kan ein tenke at dersom førekomstane er uttrykk for talord, grunngeve med at talord tileignast tidlegare enn bestemtheit i utviklinga, hadde det vore naturleg å finne mange døme på substantivfrasar utbygga med talord i fase éin. Dette er ikkje nødvendigvis tilfellet hos alle informantane. Det varierer i kor stor grad elevane bygger ut substantivfrasar med <en>. Hos Tim og Ivan ser ein slike førekomstar vesentleg mindre enn hos dei andre elevane. På ei side kan dette henge saman med at det å bygge ut substantivfraser også er eit teikn på utvikling, og at Tim og Ivan ikkje har kome like langt på veg i substantivfraseutviklinga som dei andre elevane innanfor fase éin. Ifølge Sørland (2010) og fasane han har utforma for substantivfraseutvikling går substantivfraseutviklinga først frå at kjernen står aleine, for så at utbyggingar med kvantor framfor kjernen blir tatt i bruk. Dermed kan ein oppfatte variasjonen mellom elevane som eit resultat av at nokre elevar er i Sørland (2010) si første fase, medan andre er i Sørland (2010) si andre fase.

På ei anna side er det også mogleg at substantivfrasar utbygga med <en> er memorerte ytringar. I forskingsfeltet kjenneteiknast innlærarspråk tidleg i utviklinga også av formularar, som er memorerte heilskapar som blir tatt i bruk tidleg i innlæringa utan at grammatikken i ytringane nødvendigvis er tileigna (Berggreen & Tenfjord, 1999; Berggreen, 2012; Gujord, 2023). Fleire av elevane nytta ytringar som <en natt> eller <jeg ser en katt> i fase éin, og sjølv om ein ikkje kan seie noko sikkert, er det mogleg at dette er memorerte frasar. Om bruken av kvantoren <en> framfor kjernen er del av ein formular eller opptrer som eit talord er ikkje alltid lett å seie, og kanskje heller ikkje nødvendig å fastslå. I alle tilfelle er det ikkje grunnlag for å anta at elevane nødvendigvis uttrykker forståing for ubestemt form i første fase.

5.3 Fellestrekk og variasjonar fase to

Når eg legg fram at bestemtheitsmarkeringa er utprøvande og prega av variasjon i andre fase, vil ikkje dette seie at elevane seg imellom nødvendigvis prøver ut bestemtheit på same måte. Alle fem elevane prøver ut og markerer både bestemt og ubestemt form i ulik grad og på varierende måtar. Både substantivfrasar med demonstrativ framfor ubøygd kjerne (*den bok*) og substantivfrasar med framforstilt possessiv (*mi bok*) er døme på uttrykk for bestemt form som ein berre ser at førekjem hos nokre elevar.

5.3.1 Substantivfrasar med demonstrativ framfor ubøygd kjerne

Eit avvik eg berre observerer hos somme av elevane, er substantivfrasar med demonstrativ framfor ubøygd kjerne (*den bok*). Dette avviket opptrer ofte der referansen er definitiv, og eg oppfattar derfor at eleven bevisst forsøker referere til ein definitiv referent, gjennom å legge til eit determinativ framfor kjernen. Det kan vere interessant å merke seg at hos elevane som markerer slike avvik, førekjem ikkje avvika i fase éin der nakne substantiv dominerer og bestemtheitsbøying generelt er fråverande. Dette kan tyde på at elevane må ha utvikla ei viss grad av bevisstgjerung rundt bestemt form og eit ønske om å uttrykke denne forma før ein ser teikn til slike avvik. Sørland (2010) plasserer substantivfraseutbygginga *demonstrativ + kjerne* førehaldsvis seint i utviklingsløpet, og understrekar dermed at det er unaturleg å finne denne typen substantivfraseutbygging tidleg i innlæringa. Det at eg ikkje finn slike avvik i førsteårstekstane til mine informantar underbygger dette.

Ein kan også merke seg at ein heller ikkje ser teikn til denne typen avvik i stor grad i fase tre, der bestemt og ubestemt form generelt byrjar å komme meir på plass. Det verkar med andre ord som at dersom slike forsøk på bestemt form på eit tidspunkt er ein del av systematikken til ein innlærer, oppstår markeringane på det tidspunktet der eleven i større grad prøver ut bestemtheit og har inkonsekvent markering. Dette samsvarar med Berggreen mfl. (2012) og deira skildring av si andre fase, der demonstrativ framfor ubøygd kjerne eksplisitt blir nemnd som ei av markeringane som kan opptre i *reisverkspråket*, der utprøvande variasjon dominerer. Ein kan derfor argumentere for at avvik av typen *<den bok>* er eit positivt teikn på utprøving av bestemtheitskategorien, og dermed også eit positivt teikn på utvikling.

Ein ser mykje av denne markeringa hos Katarina og Sabrina i andre fase. Luka markerer demonstrativ framfor ubøygd kjerne éin gong i andre fase, medan Tim og Ivan ikkje viser teikn til denne typen markering i det heile. Alle elevane går med andre ord ikkje gjennom ei fase med slike forsøk på bestemt form. I og med at Tim og Ivan ikkje markerer slike avvik i det heile, kan det verke som at oppfatninga av demonstrativ framfor ubøygd kjerne som uttrykk for bestemt form ikkje er del av deira systematikk. Denne variasjonen mellom informantane understrekar at innlærarspråk er prega av individuell systematikk. Det er med andre ord naturleg og forventa at ikkje alle elevane i løpet av utviklinga opererer med nøyaktig dei same oppfatningane av korleis bestemtheit kan komme til uttrykk, og at somme forsøker markere bestemt form gjennom å skrive *<den bok>*, medan andre ikkje har denne typen markering som del av sin systematikk i det heile.

5.3.2 Substantivfrasar med framforstilt possessiv

I løpet av dei tre åra ser ein at somme elevar nyttar substantivfrasar med framforstilte possessiv i større grad enn det som opplevast naturleg for morsmålsbrukarar. Dette er ikkje direkte avvik, men overdriven bruk av slike substantivfrasar kan på ei side tolkast som at innlæraren unngår, eller ikkje enda har lært, å nytte etterstilt possessiv og markere kjernen i bestemt form. Det er interessant at Axelsson (1994) plasserer possessive substantivfrasar saman med nakne substantiv i si første utviklingsfase av svensk bestemtheitsutvikling. Det verkar som om ho set eit skilje mellom tileigning av defintte substantivfrasar som ikkje treng markerast med bestemtheitssuffiks i fase éin, og tileigning av defintte substantivfrasar som treng markerast med bestemtheitssuffiks i fase to. Substantivfrasar med framforstilte possessiv treng ikkje bestemtheitssuffiks til tross for at dei er defintte, slik sett er det naturleg å observere denne typen markering tidleg i utviklinga. Likevel finn eg at denne markeringa berre førekom hos éin informant, Ivan, i fase éin. Dei andre informantane mine som kan plasserast i første fase, viser ikkje teikn til denne typen markering samtidig som nakne substantiv generelt dominerer. Mine funn gir dermed lite grunnlag for å kategorisere fase éin med bestemt markering gjennom substantivfrasar med framforstilt possessiv.

I fase to blir framforstilte possessiv i stor grad markert hos både Ivan og Sabrina. Ivan nyttar slike substantivfrasar i betydeleg større grad i fase to enn i fase éin. Ein ser altså at det først og fremst er i fase to, der bestemtheitsmarkeringa generelt er utprøvande, at slike substantivfrasar opptrer. Samtidig er det verdt å merke seg at ikkje alle informantane nyttar substantivfrasar med framforstilt possessiv i det heile. Tim og Katarina opererer ikkje med denne markeringa i sin systematikk, og Luka markerer slike substantivfrasar somme stader, men ikkje i betydeleg grad. Det verkar med andre ord som at ikkje alle informantane går gjennom ein fase der dei kompenserer ved å i dominerande grad markere possessive substantivfrasar med framforstilt possessiv. Likevel er det viktig å understreke at eg berre hadde tilgang på eit avgrensa utval elevtekstar, og at det er mogleg at ein kunne ha funne førekomstar av framforstilte possessiv hos Tim og Katarina dersom ein hadde studert fleire tekstar. Samtidig er det eit relevant funn at det er så pass store skilnadar mellom elevane når det gjeld i kva grad possessive substantivfrasar med framforstilt possessiv blir nytta i det empiriske materialet eg har undersøkt. Også dette understrekar at innlærarspråk er prega av individuell systematikk.

5.3.4 Tidleg bestemtheitsutvikling samanlikna med tidleg substantivfraseutbygging

Til tross for at ikkje alle elevane viser teikn til verken demonstrativ framfor ubøygde kjerne eller substantivfrasar med framforstilt possessiv, er det likevel tydeleg at hos dei elevane som nyttar slike substantivfrasar, oppstår desse substantivfrasane først og fremst i fase to. Dette funnet kan vere interessant å sjå i samanheng med Sørland (2010) si forskning på substantivfraseutbygging. Sørland (2010) skildrar substantivfraseutviklinga si første fase beståande av utbygga kjerne og fase to med utbyggingar med kvantor framfor kjernen. Desse to fasane stemmer overeins med det eg kategoriserer som fase éin for bestemtheitsutvikling: Nakne substantiv, men også somme utbygging med framforstilt kvantor, som med første augekast kan oppfattast som ein ubestemt artikkel, men som med fordel kan tolkast som eit talord eller som del av ein formular. Det er interessant og relevant at Sørland (2010) ser utbygga kjerne og utbygging med framforstilt kvantor *før* både utbygging med framforstilt possessiv og utbygging med framforstilt demonstrativ. I lys av dette er det naturleg at eg i større grad ser tendensar til substantivfrasar med framforstilt possessiv og demonstrativ framfor ubøygde kjerne i mi andre fase for bestemtheitsutvikling, og ikkje første.

Tabellen under har som hensikt å synleggjere ein samanheng mellom tidleg bestemtheitsutvikling og tidleg substantivfraseutbygging. Fordi fokuset ligg på den tidlege utviklinga, er berre dei to første fasane for bestemtheitsutvikling inkludert, og desse blir samanlikna med trekk frå Sørland (2010) sine fire første fasar for substantivfraseutbygging. Berre kjenneteikna på substantivfraseutbygging som kan sjåast i samanheng med observerte trekk ved bestemtheitsmarkeringa til mine informantar er inkludert i denne tabellen.

Tabell 4: Tidleg bestemtheitsutvikling samanlikna med tidleg substantivfraseutvikling

Mine fasar for bestemtheitsutvikling	Observerte trekk ved bestemtheitsmarkeringa til mine informantar	Observerte trekk ved substantivfraseutbygging, etter Sørland (2010)	Sørland (2010) sine fasar for substantivfraseutvikling
Mi fase éin (Dominans av nakne substantiv)	Nakne substantiv Somme indefinite substantivfrasar får markering av typen <i>en bok</i>	Kjernen aleine	Sørland (2010) fase éin
		Kvantor + kjerne	Sørland (2010) fase to
Mi fase to (Utprøvande og inkonsekvent bestemtheitsmarkering)	Somme definite substantivfrasar får markering av typen <i>min bok</i>	Possessiv + kjerne	Sørland (2010) fase tre
	Somme definite substantivfrasar får markering av typen <i>den bok</i>	Demonstrativ + kjerne	Sørland (2010) fase fire

Det er vanskeleg å seie noko om når bestemt og ubestemt form blir tileigna i forhold til substantivfraseutbygginga. Det ein derimot kan sjå er at mine funn av possessiv (*mi bok*) og forsøk på bestemtheitsmarkering med demonstrativ (*den bok*) i andre fase av bestemtheitsutviklinga, samsvarar med Sørland (2010) si fase tre og fire for substantivfraseutbygging. Ein bør merke seg at *demonstrativ + kjerne* kan vise til både avvik av typen *den bok* og dobbel bestemtheit av typen *den boken*. Det er først og fremst avvik av typen *den bok* som førekjem i fase to. Dobbelt bestemtheit ser ein derimot tydelegare teikn til seinare i utviklinga.

5.3.5 Markering av bestemt form i større grad ved anten anaforisk eller situasjonsbetinga referanse

Nordanger (2009) registrerte hyppigare markeringar av bestemt form ved anaforisk definnitte referentar hos sine russisk- og engelskspråklege informantar, og la fram ei antaking om anaforiske referentar som enklare å tileigne seg enn situasjonsbetinga. Ein bør presisere at Nordanger undersøkte russisk- og engelskspråklege informantar, og at hennar funn dermed ikkje indikerer kva slags substantivfrasar som er enklare å tileigne bestemt form ved hos alle innlærarar. Likevel er hypotesen om anaforiske referentar som enklare å tileigne seg hos denne informantgruppa interessant, då den antek ein systematikk i utprøvinga av bestemt form.

Motsett frå informantane til Nordanger (2009), viser Tim, Ivan og Sabrina hyppigare markering av bestemt form ved situasjonsbetinga referanse i fase to, og i større grad avvik i form av nakne substantiv der referenten er anaforisk. Dette kan tolkast som at det å oppfatte ein referent som ukjent innleiande i ein tekst, for så å oppfatte ein referent som kjent seinare i same tekst, samt å skilje mellom desse to oppfatningane, i hovudsak er utfordringa for desse tre informantane i fase to. Hos Katarina ser ein derimot at avvik i form av nakne substantiv i større grad oppstår der referenten er situasjonsbetinga definnitt. Dette kan tolkast som at det å oppfatte noko som kjent på grunnlag av kontekst ikkje er like naturleg for henne. Nordanger (2009) sine funn ved dei russisk- og engelskspråklege informantane om anaforiske referentar som enklare å tileigne samsvarar altså med éin informant, men ikkje med alle. Variasjonen mellom mine informantar viser at det ikkje er slik at alle elevane ser ut til å gi bestemt form hyppigare ved enten anaforisk eller situasjonsbetinga definnitt referanse, og eg kan derfor ikkje anta den eine referansetypen som enklare å tileigne seg ved utvikling av bestemt form enn den andre.

Noko anna ein kan merke seg er at Katarina plasserast i språkgruppa slavisk, men markerer ikkje bestemt form hyppigare ved same referansetype som Ivan, som også plasserast i den same språkgruppa. Det verkar dermed ikkje som at det er morsmålet til elevane som indikerer systematikken i denne samanhengen, likevel vil ein større studie som i hovudsak vektlegg transfer kunne undersøke dette i større grad. Ser ein dette i samanheng med kjenneteiknet på innlærarspråk som prega av systematikk, gir det meining at Katarina og Ivan markerer ulikt rett og slett fordi dei på dette tidspunktet i innlæringa opererer med ei ulik forståing og ein

ulik mental systematikk for når bestemt form gjeld, uavhengig av at dei har tilsynelatande like morsmål.

Det at ein finn at ein viss referansetype i større grad medfører avvik enn ein annan hos ein og same elev, viser at markeringa er systematisk. Det at det er ulikt frå elev til elev kva slags referansetype som medfører flest avvik, viser at systematikken også er individuell. Dette underbygger dei føregåande konklusjonane om individuell systematikk. Luka er den einaste eleven der ein ikkje ser eit tydleg mønster for bestemt form ved anaforisk versus situasjonsbetinga definitiv referanse. Dette viser at referansetypen ikkje treng spele ei rolle for systematikken i stor grad heller, noko som igjen er med på å understreke at det tydelegaste fellestrekket mellom elevane først og fremst er at bestemtheitsmarkeringa er individuell.

5.4 Fellestrekk og variasjonar fase tre

I fase tre er fellestrekket at bestemt og ubestemt form i større grad byrjar å falle på plass hos innlærarane. Substantivfrasane får med andre ord i større grad bestemtheitsbøying i samsvar med referansetypen. Systematikken elevane viste når det gjaldt om bestemt form i større grad blei markert der substantivfrasen var situasjonsbetinga eller anaforisk, ser ikkje ut til å prege markeringa lenger i tredje fase, og både anaforisk og situasjonsbetinga referentar blir markerte i bestemt form.

5.4.1 Substantivfrasar med dobbel bestemtheit

I fase tre kan ein merke seg at alle elevane nyttar dobbel bestemtheit, noko som gir grunnlag for å kategorisere substantivfrasar med dobbel bestemtheit som kjenneteikn på fase tre. Likevel varierer det i kor stor grad dobbel bestemtheit blir markert frå elev til elev. Ivan har til dømes berre éin førekomst av denne markeringa i tredje fase, og viser også teikn til avvik i form av demonstrativ framfor ubøygde kjerne (*den bok*). Ein bør likevel merke seg at eg på tredje året valte å plassere denne eleven i ei overgangen mellom fase 2 og 3, nettopp fordi han viste inkonsekvens og utprøvande trekk også på tredjeåret.

I tillegg varierer det også når dobbel bestemtheit oppstår i utviklingsløpa. Det er ikkje berre i fase tre at dobbel bestemtheit førekjem. Til dømes markerte Tim også dobbel bestemtheit i fase to. Likevel ser ein at dei resterande informantane markerte dobbel bestemtheit først i fase tre, altså når bestemtheitsbøyinga generelt byrja å falle meir på plass. Med andre ord er det

individuellt når ein byrjar å ta i bruk dobbel bestemtheit, men ein ser tydelege tendensar til at dobbel bestemtheit førekjem i tredje fase, truleg som eit resultat av at bestemtheitsbøying generelt er utvikla i større grad. Berggreen mfl. (2012) påpeiker at bestemt form generelt blir markert meir korrekt i utbyggingsspråket, altså tredje fase. Det er naturleg at elevane samtidig som dei markerer bestemtheitssuffiks i større grad også byrjar å markere dobbel bestemtheit. I tillegg plasserer Sørland (2010) substantivfraseutbyggingar med demonstrativ framfor kjernen i si fjerde fase, altså førehaldsvis seint i utviklingsløpet, noko som underbygger funn av dobbel bestemtheit så pass seint i bestemtheitsutviklinga.

5.4.2 Substantivfrasar med etterstilte possessiv

I tredje fase finn ein hos alle fem informantane døme på at substantivfrasar med etterstilt possessiv og bestemtheitssuffiks på kjernen (*boka mi*), men også her varierer det i kor stor grad markeringa førekjem frå elev til elev. Sørland (2010) legg fram at ettersilte possessiv etter kvart tek over for dei framforstilte, og plasserer utbyggingar med framforstilt possessiv i utbyggingssfasen to og etterstilte ledd i utbyggingssfasen fire. Det er altså tydeleg at framforstilte og etterstilte possessiv ikkje førekjem samtidig. Hos Sabrina, som aktivt nytta framforstilte possessiv i fase to, ser ein at desse blir færre av i fase tre, og at etterstilte possessiv til ein viss grad tek over, noko som samsvarar med Sørland (2010) sine fasar for substantivfraseutbygging. Likevel er ikkje overtakinga drastisk, og ein kan hos somme elevar framleis finne eit par førekomstar av substantivfrasar med framforstilte possessiv i fase tre. Dette er naturleg, og heller ikkje avvik frå norsk morfologi, så lenge bruken kjem i staden for bruken av etterstilte possessiv i stor grad. Noko som er interessant å merke seg ved mine funn er at også Tim og Katarina, som ikkje opererte med framforstilte possessiv i fase to, markerer possessiv etterstilt i fase tre. Med andre ord ser det ikkje ut til at ein må gjennom ei fase med markering av framforstilte possessiv før ein byrjar å markere possessiva etterstilt. Likevel har eg berre tilgang på eit avgrensa utval tekstar, og det kan derfor vere noko tilfeldig at eg ikkje ser framforstilte possessiv hos alle. Samtidig verkar det som at bruken av etterstilte possessiv, med bestemtheitsbøying på kjernen, likt som ved dobbel bestemtheit tydeleg heng saman med at elevane i fase tre generelt byrjar å meistre bestemt form i større grad.

Axelsson (1994) sine fasar for svensk bestemtheitsutvikling viser ikkje når etterstilte possessiv oppstår i bestemtheitsutviklinga, i og med at possessiv er framforstilt i substantivfrasar på svensk. Ho plasserer tileigning av possessive substantivfrasar i første fase, saman med nakne substantiv. Mi undersøking av norsk utvikling viser at etterstilte possessiv

førekjem seinare i utviklingsløpet. Ein ser tendensar til etterstilte possessiv også i mi fase to, men possessiv blir markert etterstilt hos alle fem informantane, og generelt i større grad, i fase tre. Dette er altså samtidig som bestemt form med bestemtheitssuffiks generelt byrjar å falle på plass, noko som er naturleg i og med at substantivfrasar med etterstilt possessiv krev bestemtheitssuffiks på kjernen.

5.5 Oppsummering – faseskildringar for bestemtheitsutvikling

I denne masteroppgåva har eg drøfta andrespråkselevar si utvikling av bestemtheit, med utgangspunkt i følgande problemstilling: Korleis utviklar markeringa av bestemtheit seg hos eit utval mellomtrinnslevar med norsk som andrespråk i løpet av dei tre første åra deira i Noreg?

Tabellen under viser faseskildringar representative for mine informantar si utvikling, og blir her presentert som ei oppsummering av studien sine funn. Til tross for at mine funn berre er representative for mitt informantutval, kan utviklinga av bestemtheit hos mine informantar vere til inspirasjon for vidare forskning på tidleg utvikling av bestemtheitskategorien.

Tabell 5: Faseskildringar for utvikling av bestemtheit (hos mi informantgruppe)

Fase 1	Tekstane er prega av ein dominans av nakne substantiv. Nokre av dei indefinite substantivfrasene er utbygga med ein framforstilt kvantor (<i>en bok</i>). Denne kan oppfattast som eit talord eller som del av ein formular, og ikkje ein ubestemt artikkel for å markere ubestemt form.
Fase 2	Bestemtheitsmarkeringa viser no ein utprøvande variasjon. Bestemt og ubestemt form blir markert somme stader, og andre stader ikkje. Somme elevar markerer bestemt form i større grad der referenten er anaforisk definit, og andre der referenten er situasjonsbetinga definit. Denne systematikken er individuell. Demonstrativ framfor ubøygde kjerne (<i>den bok</i>) som forsøk på markering av bestemt form kan, men må ikkje, førekomme i denne fasa. Ein ser også at definite substantivfrasar i stor grad blir markerte med framforstilte possessiv (<i>min bok</i>) hos nokre elevar.

Fase 3	Talet på nakne substantiv har no minka i betydeleg grad. Substantivfrasane er prega av ein dominans av markering i bestemt og ubestemt form. Markeringa er i stor grad i samsvar med referansetypen til substantivfrasen og norsk bestemtheitsmorfologi, likevel førekjem framleis avvik her og der. Ein ser no i større grad førekomstar av dobbel bestemtheit (<i>den boken</i>) og substantivfrasar med etterstilte possessiv (<i>boken min</i>).
--------	--

Samla sett ser ein at utviklinga til informantane mine følger faste utviklingstrinn, men at det samtidig ligg ein individuell systematikk til grunn for markeringane til kvar enkelt informant, noko som fører til individuelle variasjonar i markeringa mellom informantane.

6.0 Avgrensingar ved studien

I løpet av arbeidet med masteroppgåva har eg tatt fleire val om avgrensingar. For det første valde eg å ikkje telje opp bestemtheitsmarkeringane eg observerte i elevtekstane, og føre kvantitativ statestikk. Likevel meiner eg det å supplere med kvantitativ oversikt kunne ha løfta reliabiliteten til studien, og ønsker derfor å avslutningsvis presentere eit døme på ein slik tabell, som inspirasjon til seinare studiar.

Tabellen under viser ei enkel og avgrensa oversikt over Luka si bestemtheitsmarkering, i løpet av dei tre første åra i norskinnlæringa. Eg valde å avgrense meg til å telje opp avvik i form av nakne substantiv, samt markeringar med bestemtheitssuffiks ved situasjonsbetinga og anaforisk referanse, og ubestemt artikkel ved indefinitt referanse. Ein kan også telje opp substantivfrasar med framforstilt possessiv, demonstrativ framfor ubøygd kjerne, etterstilt possessiv og dobbel bestemtheit, for å understreke utviklinga av desse trekka i tillegg. Prosentane i tabellen under er rekna i forhold til det samla talet på substantivfrasar i elevtekstane per år, men markeringar der nakne substantiv er korrekt markering, og ikkje avvik, er ikkje rekna med.

Tabell 6: Bestemtheitsutvikling hos informant fem (Luka)

	Nakne substantiv (avvik)	Bestemtheitssuffiks ved situasjonsbetinga referanse	Bestemtheitssuffiks ved anaforisk referanse	Ubestemt artikkel ved indefinitt referanse
	<i>Skog, hus</i>	<i>Skogen, huset</i>	<i>Skogen, huset</i>	<i>Ein skog, eit hus</i>
Første år	75%	3%	0%	22%
Andre år	64%	17%	14%	6 %
Tredje år	3%	63%	17%	17%

Den kvantitative oversikta underbygger at nakne substantiv blir færre og færre av i løpet av utviklinga, og at markering av bestemt og ubestemt form gradvis kjem på plass. Samtidig kan ein merke seg at tabellen viser relativt mange markeringar med ubestemt artikkel første året, noko som motseier konklusjonen om at ubestemt form kjem på plass først i tredje fase. Dette er eit døme på at kvalitativ analysering av elevtekstane er viktig i tillegg til å telje opp markeringar, fordi eg gjennom å lese og studere elevtekstane har tolka førekomstane av ubestemt artikkel første året som markeringar av talord eller del av formularar. Den kvalitative analysen opnar dermed for relevant innsikt som ein ikkje kan hente frå den kvantitative oppteljinga av markeringar, og gjer at ein likevel forstår det slik at Luka i liten grad opererer med ubestemt form på år éin.

Noko tabellen derimot tydeleggjer, er at denne informanten så vidt markerer situasjonsbetinga defintte referentar i bestemt form før, og i større grad, enn anaforske referentar. Likevel understrekar tabellen tydeleg mine konklusjonar om at anaforsk versus situasjonsbetinga referanse ikkje hadde stor betydning for bestemtheitsmarkeringa til Luka. Skilnaden mellom markering med bestemtheitssuffiks der referansen er anaforsk versus situasjonsbetinga defintt er ikkje stor, og referansetype står dermed ikkje fram som ein betydeleg faktor for kva substantiv Luka gir bestemt form. Til tross for valet om å utelate ei kvantitativ oppteljing, har eg forsøkt trekke fram og skildre dei same tendensane som slike tabellar ville vist. Dei kvantitative tabellane ville dermed først og fremst hatt ein oversiktleg effekt, for utan om å styrke truverdigheita til skildringane som blir lagt fram.

Ei anna avgrensing som har blitt gjort, er ei avgrensing i talet på informantar. Informantutvalet blei avgrensa til fem informantar, med 10 til 15 elevtekstar per informant. Denne avgrensinga blei gjort for at størrelsen på analysearbeidet skulle passe omfanget av eit masterprosjekt. Samtidig gav dette utvalet stort nok grunnlag til å svare på mine forskingsspørsmål. Likevel medfører eit såpass lågt informantutval at studien sine funn berre er representative for dei enkelte informantane si bestemtheitsutvikling, og presenterast derfor ikkje som generaliserte konklusjonar om bestemtheitsutvikling hos alle norskinnlærarar. For å teste om mine faseskildringar gjeld for fleire elevar med norsk som andrespråk, ville det vidare vore hensiktsmessig å utført ein større kombinert tverrsnitt- og longitudinellstudie, der individuell bestemtheitsutvikling kunne blitt sett opp mot eit større datagrunnlag.

Tverrspråkleg påverknad er eit aspekt eg ikkje vektla i stor grad i denne studien. Med utgangspunkt i eit empirisk materiale med tilgang på morsmålsopplysningar, vil det vere interessant å også undersøke om visse trekk ved bestemtheitsmarkeringa er felles hos elevar med same morsmål, eller ikkje. Eit anna aspekt eg gjerne skulle sett i samanheng med bestemtheitsutvikling i enda større grad, er substantivfraseutvikling. Axelsson (1994) viser at det å også analysere substantivfraseutvikling er relevant for å forstå når i den syntaktiske utviklinga bestemtheit tileignast. Det ville derfor vore interessant å, i enda større grad enn det eg har gjort i denne studien, tatt utgangspunkt i Sørland (2010) si forskning på substantivfraseutbyggingar. Dette slik at ein gjennom kvantitativ registrering av både bestemtheitsmarkeringar og substantivfrasetypar, eventuelt kunne sagt noko om når i substantivfraseutbyggingsløpet bestemt og ubestemt form blir tileigna.

Gjennom denne studien har eg presentert ei avgrensa innsikt i eit par elevar si bestemtheitsutvikling, i håp om å rette meir merksemd mot kompleksiteten ved tileigninga av dette språktrekket. Bestemtheit er eit markert språktrekk, som for mange innlærarar er ukjent i tidleg innlæring av norsk, og derfor kan opplevast utfordrande. Med eit ønske om å utvikle meir forsting for norsk språkinnlæring, slik at ein kan støtte og legge betre til rette for den, håper eg å med denne studien bidra til større innsikt i tileigningsprosessen av dette avgrensa aspektet ved utvikling av norsk som andrespråk. Eg har forsøkt legge fram eit relevant grunnlag for vidare forskning på utvikling av bestemtheit, og ønsker inspirere til vidare undersøking av både tileigningsstadium og individuell systematikk ved utvikling av bestemtheitskategorien i norsk.

Litteraturliste

- Axelsson, M. (1994). *Noun phrase development in Swedish as a second language*. Centre for Research on Bilingualism, Stockholm University.
- Behney, J. & Marsden, E. (2020). Introduction to SLA. I N. Tracy-Ventura & M. Paquot (Red.), *The Routledge Handbook of Second Language Acquisition and Corpora* (s. 37-49). Routledge.
- Berggreen, H., Sørland, K. & Alver, V. (2012). *God nok i norsk?: Språk- og skriveutvikling hos elever med norsk som andrespråk*. Cappelen Damm Akademisk.
- Berggreen, H. & Tenfjord, K. (1999). *Andrespråklæring*. Ad Notam Gyldendal.
- Berggreen, H. & Tenfjord, K. (2016). *Andrespråklæring* (2. utg.). Ad Notam Gyldendal.
- Corder, P. (1967). The significance of learners' errors. *International Review of Applied Linguistics*, 5, 161-170.
- Corder, P. (1981). *Error Analysis and Interlanguage*. Oxford University Press.
- De Bot, K. & Larsen-Freeman, D. (2011). Researching Second Language Development from a Dynamic Systems Theory perspective. I M. H. Verspoor, K. De Bot & W. Lowie (Red.), *A Dynamic Approach to Second Language Development Methods and techniques* (s. 5-24). John Benjamins Publishing Company.
- Ellis, R. (1994). *Second Language Acquisition*. Oxford University Press.
- Ellis, R. (2008). *The study of second language acquisition*. Oxford University Press.
- Faarlund, J. T., Lie, S. & Vannebo, K. I. (1997). *Norsk referansegrammatikk*. Universitetsforlaget.
- Friedman, D. A. (2012). How to Collect and Analyze Qualitative Data. I A. Mackey & S. M. Gass (Red.), *Research Methods in Second Language Acquisition* (s. 180-200). Wiley Blackwell.
- Gablasova, D. (2020). Variability. I N. Tracy-Ventura & M. Paquot (Red.), *The Routledge Handbook of Second Language Acquisition and Corpora* (358-369). Routledge.
- Granger, S. (2012). How to Use Foreign and Second Language Corpora. I A. Mackey & S. M. Gass (Red.), *Research Methods in Second Language Acquisition* (s. 7-29). Wiley Blackwell.
- Gujord, A-K. H. (2023). *Å studere utvikling av andrespråk*. Fagbokforlaget.
- Hagen, L. E. (2000). *Norsk grammatikk for andrespråklærere*. Ad Notam Gyldendal.
- Johansen, H. (2010). Kontroll, Analyse, Reliabilitet, Innlærerkorpus og Transfer. I H. Johansen, A. Golden, J. E. Hagen og A-K. Helland (Red.), *Systematisk, variert, men*

- ikke tilfeldig: Antologi om norsk som andrespråk i anledning Kari Tenfjords 60 årsdag* (s. 160-173). Novus.
- Kinn, T. & Kulbrandstad, L. A. (2023). *Språkmønster: Innføring i det norske språksystemet* (5. utg.). Universitetsforlaget.
- Kulbrandstad, L. A. & Ryan, E. (2018). Hvordan læres et andrespråk? I A-K. H. Gujord & G. T. Randen (Red.), *Norsk som andrespråk: Perspektiver på læring og utvikling* (27-51). Cappelen Damm Akademisk.
- Larsen-Freeman, D. & Long, M. H. (1991). *An introduction to second language acquisition*. Longman.
- Mac Donald, K. (2014). *Norsk grammatikk for læreren: Spørsmål og svar når norsk er andrespråk*. Cappelen Damm.
- Meunier, F. (2021). Introduction to Learner Corpus Research. I N. Tracy-Ventura & M. Paquot (Red.), *The Routledge Handbook of Second Language Acquisition and Corpora* (23-36). Routledge.
- Monsen, M. & Randen, G. T. (2022). *Andrespråksdidaktikk: En innføring*. Cappelen Damm.
- McEnery, T. Xiao, R. & Tono, Y. (2006). *Corpus-based Language Studies: An Advanced Resource Book*. Routledge.
- Nistov, I. & Nordanger, M. (2018). Kva er mellomspråk? I A-K. H. Gujord & G. T. Randen (Red.), *Norsk som andrespråk: Perspektiver på læring og utvikling* (261-288). Cappelen Damm Akademisk.
- Nordanger, M. (2009). *Keiserens nye klær?: Lingvistisk og konseptuell transfer i markeringen av grammatikalisert definit referanse i russiskspråklige og engelskspråkliges norske mellomspråk* [Mastergradsavhandling]. Universitetet i Bergen.
- Nordanger, M. (2010). Transferbegrepets komplekse vesen. I H. Johansen, A. Golden, J. E. Hagen og A-K. Helland (Red.), *Systematisk, variert, men ikke tilfeldig: Antologi om norsk som andrespråk i anledning Kari Tenfjords 60 årsdag* (s. 190-199). Novus.
- Ortega, L. (2013). *Understanding second language acquisition*. Routledge.
- Ragnhildstveit, S. (2018). ASK – et elektronisk innlærerkorpus til bruk i andrespråksforskning. I A-K. H. Gujord & G. T. Randen (Red.), *Norsk som andrespråk: Perspektiver på læring og utvikling* (s. 422-488). Cappelen Damm Akademisk.
- Rønning, M., Sørland, K. & Vaagen, O. (2014). *Norsk grammatikk for grunnskolelæreren*. Cappelen Damm Akademisk.
- Selinker, L. (1972). Interlanguage. *International Review of Applied Linguistics Teaching*, 10, 209-231.

- Teleman, U., Hellberg, S. & Andersson, E. (1999). *Svenska Akademiens grammatik: Ord*. Svenska Akademien.
- Vannebo, K. I. (2010). «Nød lærer naken kvinne å spinne» - litt om bruk av naken substantivfrase i norsk. I H. Johansen, A. Golden, J. E. Hagen og A-K. Helland (Red.), *Systematisk, variert, men ikke tilfeldig: Antologi om norsk som andrespråk i anledning Kari Tenfjords 60 årsdag* (s. 227-237). Novus.
- Vinje, F.-E. (2018). *Norsk grammatikk: Det språklige byggverket*. Vidarforlaget.
- Singh, M. (2019). Research designs in second language acquisition: An overview. *Journal of English Language Teaching*, 61(3), 19-26.
- Sørland, K. (2010). Utvikling av substantivfrasar i tidleg innlærarnorsk. I H. Johansen, A. Golden, J. E. Hagen og A-K. Helland (Red.), *Systematisk, variert, men ikke tilfeldig: Antologi om norsk som andrespråk i anledning Kari Tenfjords 60 årsdag* (s. 78-93). Novus.